

Målmannen

Nysnø Av Olav Nygard

Sumaren berre eit minne,
hausten so utlevd og graa,
skogane svarte og skrinne,
ingen stad hugnad aa sjaa.

Sumaren var seg ein galning,
livde paa rus og paa raam;
sol-ør han leita seg svaling
hjaa hausten, og miste sin daam.

Gaadde det aalvor som vakna,
men synda og gløymde seg av.
Hausten saag livet som rakna,
og grov so for bror sin ei grav.

Sjølvs steig han var att i fare
etter sin avlidne bror,
grunda i nætine kvare
til dess han folna og for.

Men sjaa no i dag kor det snør,
sjaa kor det leikar og fell
kvitt yver vollar og bøar
skirfin og vettersleg mjell.

Vettern kjærer seg lite
um kjæling paa kvardeleg gjerd;
karsleg han kastar den kvite
kaapa si lett yvi herd.

Vetter, du sterke og harde,
svæv meg hjaa blomane inn,
lat meg faa kvila i kvare
til vaargroren vaknar og vinn.

Or *Dikt i samling*
(Norsk Bokreidingslag 1984)

I dette nummeret:

Redaksjonen:	Sagt um årsmøtet i Norsk Bokreidingslag 9. oktober 2004	s. 2
Klaus Johan Myrvoll:	Målfolk rusar seg i eigi godmæta	s. 3
Anders Moe:	Avvikling av situasjonen?	s. 4
Styret i Bladmannlaget:	Bråkmakarane var ikkje medlemer	s. 4
Lars Bjarne Marøy:	Journalistar med tillitsbrot og illojal framferd	s. 5
Klaus Johan Myrvoll:	Forskingi er grunnlaget	s. 5
K. E. Steffens:	Kvifor sigra ikkje Aasens landsmål?	s. 6
Ola I. Breivega:	Vox clamantis in deserto?	s. 8
Anders Moe:	«Det du oppfatter som korrekt språk»	s. 11
Klaus Johan Myrvoll:	Med huva i handi	s. 11
Lars Bjarne Marøy:	Samtidsforfattar med interessa for unge menneske	s. 12
Tore Lund:	Ikkje berre smular	s. 13
K. E. Steffens:	Viktige og framleis fascinerande åndsyttringar	s. 14
Johannes Gjerdåker:	Ei bok um folk og landskap på det nordlegaste Grønland	s. 15
Lars-Toralf Storstrand:	Til minne. Nynorsk (1929–2004)	s. 16

Sagt um årsmøtet i Norsk Bladmannelag 9. oktober 2004

Yverskriftene

Illsinte målfolk gikk berserk og bet møtevakt

Bergens Tidende 10.10.

Vaktmann ble bitt

Bergensavisen 10.10.

Uppvakningi

Bladmannelaget har lenge vært en sovende forening. Foreningens ni medlemmer var i går innkalt til årsmøte på Gimle i Kong Oscars gate.

Bergens Tidende 10.10.

Sikringstiltaket

– På grunn av erfaringer med voldelig atferd fra enkeltelementer hadde vi engasjert to vektere for å forhindre at uvedkommende skulle forstyrre årsmøteavviklingen, sier Bladmannelagets nylvalgte leder, Anders Moe.

Bergens Tidende 10.10.

Åtaket

– Dette viste seg å være berettiget. Det møtte frem ca. ti personer som ikke hadde noe på møtet å gjøre. Da de ble avvist av vekterne, var det et par som ble rebelske og gikk til fysisk angrep. Den ene vekteren ble bitt, sier Moe.

Bergens Tidende 10.10.

Bitet

Vekter Daniel Molvik hadde tatt på seg oppdraget privat sammen med en annen mann.

– Det var en gjeng som som prøvde å komme seg inn. Vi hadde fått beskjed om å holde dem ute. Men så begynte de å skape seg. De tok tak i meg. Da jeg ville legge en av dem i bakken, bet han meg i armen, sier Molvik.

Han endte opp på Bergen legevakt, hvor han måtte ta stivkrampesprøyte i går formiddag. – Jeg har fått et solid bitt, forteller han.

Bergensavisen 10.10.

Langferdi

Blant dem som forsøkte å komme seg inn på møtet i går var Kjetil Aasen. [...] Aasen hadde tatt veien helt fra Oslo i går og har vært til stede på årsmøtene i 1999 og 2001.

– Vi ble holdt tilbake med makt. De hadde ikke rett til å nekte oss å delta på møtet, sier Aasen.

Bergensavisen 10.10.

Vedgåingi

– Men var det nødvendig å bite vekteren?

– Det er beklagelig at han ble utsatt for det, og det er ingen som sier at det er greit, kommenterer Aasen.

Bergensavisen 10.10.

Valdstendensane

Etter det BA kjenner til skal det også ha vært anmeldt en voldsepisode tidligere mellom fraksjoner i laget, men dette endte med henleggelse.

Bergensavisen 10.10.

Redaktørhaldningi

Tilkalle politiet gjorde også utestengte målfolk, ifølge redaktør Christian Fr. Stabell i Os- og Fusaposten og BT-redaktør Olav Kobbeltveit. [...]

Som henholdsvis styremedlem og vara til styret var Stabell og Kobbeltveit blant dem som sto på vekternes liste over folk som kunne komme inn. De valgte likevel å bli stående utenfor, fordi de andre målfolkene ble nektet adgang.

Bergens Tidende 10.10.

Pressefridomen

Det er jo selveste pressefriheten noen sloss for eller mot i Bergen i helga, men senket ned til et slik mikronivå, er det vanskelig å gjøre annet enn å flire. At det ble en mediesak av Bladmannelagets møte, er på sin plass.

Vidar Kvalshaug i Nationen 12.10.

Revisjonismen

Skulde ein tru ordrett det som stod på prent um årsmøtet i Norsk Bladmannelag i BT og BA søndag 10. oktober, måtte ein sitja att med eit inntrykk av at det hadde gjenge fyre seg eit større slagsmål utanfor Gimle i Kong Oscars gate no på laurdag. Det var slett ikkje tilfelle.

Jon Askeland i Bergens Tidende 12.10.

Laurdagsdansen

Og ikkje ein gong um ein nytta H.C. Andersens «To fjør til fem høns» som rettesnor for journalistisk arbeid, vilde ei slik attgjeving av det som hende vera godtakande. Episoden som vart funnen verdig til fyrstesideuppslag i Bergenspressa, vilde ikkje ein gong ha kvalifisert til nemnande merksemd eller uro um det hadde hendt i køen inn til ein vanleg laurdagsdans.

Jon Askeland i Bergens Tidende 12.10.

Varsemd

Vil dette si at «formannen i Vestmannelaget» er vant eller er villig til å godta slike tilstander i mållaget sitt? Da må jeg virkelig si at jeg forstår at det var nødvendig å leie inn vakter. Man må tydeligvis være forsiktig om en skal begi seg inn på møter i Vestmannelaget.

Torill Bø i Bergens Tidende 14.10.

Invitasjonen

Torill Bø skal vera hjarteleg velkomi på eit møte i Vestmannelaget – men ver då gild og kom utan eigne livvaktarar!

Trygve Lande i Bergens Tidende 16.10.

Feministnækjingi

Det nyskipa mållaget Kvinnemannelaget søker nye medlemar. Kvinnemannelaget har ikkje anna føremål enn å plage og gjere narr av andre mannlage. Reglane er slik: [...]

2) Kvar gang [sic] det blir underslått og medlemsjuksa i andre mannlage, skal alle medlemane i Kvinnemannelaget stille nakne på Torgallmenningen med det som hensikt å gjere narr av i-målet. «I-mål er slimål!» skal dei rope, til stor åtgaum og latter frå tilhøyrarane.

Olaug Nilsen i Bergens Tidende 17.10.

Passifisten

Eg tek (sjølv sagt) avstand frå all bruk av vald. Både i form av biting og i form av å leiga folk for å leggja folk i bakken. Av desse tykkjer eg likevel at sistnemnde er verst, av di det er godt planlagt valdsbruk.

Arild Olsen, tidlegare sivilarbeidar i NMU, på e-postlista Mållagslista 13.10.

Presiseringi

Med di de har tala so myki um det, vil eg gjera merksam på at bitinga var ein instinktiv reaksjon frå målmannen det er tale um, då ein «vektar» lagde armen sin um munnen og andlitet på han og slo hovudet hans i murveggen. Dette etter målmannen sjølv, som er ein traust tillitsmann i bae målrørslune.

Thorgeir Holm på Mållagslista 13.10.

Konklusjonen

Lars Bjarne Marøy konkluderer overfor NRK kulturnytt at nynorskfolk ikke er i stand til å drive seriøst organisasjonsarbeid. Det neste må bli skriftlig eksamen i nynorsk angrepsteknikk i skolen.

Vidar Kvalshaug i Nationen 12.10.

Målfolk rusar seg i eigi godmæta

Av Klaus Johan Myrvoll

Med Rett på sak-spalta i Dag og Tid 6. november gjev leidar i Norsk Målungdom Sigbjørn Hjelmbrække eit godt døme på at målfolk på mange måtar liver i si eigi verd. Her kann me lesa at «nynorsken er eit uvanleg demokratisk språk», som rett nog «kan vera tungt å læra». At det ligg ei upplagd sjølvmotsegjing her, synest ikkje Hjelmbrække å skøyta um.

Grunngjevingi for at nynorsken skal vera so «demokratisk», er at han «byggjer på alle dei norske dialektane» med di «Ivar Aasen laga det som ein samnemnar for heile det norske språket». Det er tvo logiske brester her: For det fyrste er det ikkje nokon einfeld samanheng millom talemålsnærleik og demokrati. Det som hev mest å segja for demokratiet, må vel vera at skriftmålet er råd å tileigna seg utan altfor store vanskar. Ut frå eit slikt kriterium kjem nynorsken dåleg ut: Nordmenn flest meistarar bokmål på fullnøgjande vis, men ikkje eingong den iduge Målungdomen greider å laga ei tekst på nynorsk utan å gjera eitt elder fleire elementære mistak (jf. «Dagbladet slepp til nynorsken» på ein aksjonsplakat tidlegare i år).

For det andre er det tvilsamt å taka Ivar Aasen og «samnemnaren» hans til inntekt for nynorsken av i dag. Aasen bygde upp landsmålet sitt av *typeformer*, som kunde fungera til yverbygning for den systematiske variasjonen han fann i målføri på midten av 1800-talet; døme på slike kann vera *sumar*, *upp* og *skard*. Etter hans tid hev både målføri og nynorsken brigdt seg mykje, og i nynorsknormeringi hev ein i stor mun gjenge burt frå prinsippi åt Aasen. I staden for typeformene hev ein fenge ein stor og usystematisk valfridom som gjer det uråd å setja upp eit endeframt tilhøve millom nynorsken og målføri.

Det er eit problem når talsmenn for målrørsla som Hjelmbrække kann få seg til å skriva slikt som at «[m]ålsaka er ei av dei sakene som opplagt er fornuftige» og at «[d]et er vanskeleg å vera usamd i at nynorsk er rett». Ein må undrast: På kva måte kann nynorsk segjast å vera «fornuftig», elder «rett»? Og kvifor hev ikkje dette makelaust demokratiske og fornuftige skriftmålet so vunne fram? For Hjelmbrække er uttydingi «sjølvskriven»: «nynorsken har ikkje sleppt til i dei samanhengane som set standarden». Dette vert heilt sirkulært: Nynorsken hev ikkje vunne fram av di han ikkje hev vunne fram.

Men trui på eigen hævskap stoggar

ikkje her. Hjelmbrække hamrar vidare på måltrumma: «Alle argument talar for at nynorsk er rettare enn bokmål for folket i Noreg. Når ein får lagt fram dette, er dei einaste innvendingane av pragmatisk art.» Det er mesta so ein ikkje trur sine egne augo. *Alle* argument? Er alle artikulerde argument som Riksmålsforbundet kann koma upp med um verdet av ein ubroten norsk-dansk litterær tradisjon av reint «pragmatisk art»? Ei liti leksa til Hjelmbrække: Ein kann godt vera eittspråkssmann og samstundes gjeva til kjenne at òg hin tradisjonen hev legitime argument å koma med. Spørsmålet er koss ein veg dei ulike argumenti upp mot einannan.

Hjelmbrække hev òg ei einfeld sogesyn: «Dersom nynorsken var det rette valet før, er han det framleis. Ikkje noko er nytt i so måte.» Til Dovre fell, med andre ord. Lakmus-testen på denne utsegn er einfeld: «Dersom latinen var det rette valet i academia fyrr, er han det framleis. Ikkje noko er nytt i so måte.» Hjelmbrække ser heilt burt frå at samfundet og måltilhøvi kann brigda seg helder mykje på ein ættled elder tvo. Det vert for lett berre å visa til at «[m]e har framleis to jamstelte målformer som står i kvar sin tradisjon», når det er audsynt at dei tvo måli vart vurderte onnorreis i 1885 enn dei vert i dag. Berre det at Hjelmbrække umtalar dei tvo skriftmåli som «målformer», syner det til fulles. Den som skal arbeida for å fremja nynorsken i Noreg i dag, kann ikkje sjå burt frå den nasjonaliseringsprosessen som norsk-dansken hev gjenge gjennom det seinaste hundradåret.

Som Hjelmbrække peikar på, er nynorsken «avvik frå den etablerte normalen». Nynorsken er det markerte språket i høve til det umarkerte bokmålet. I den stoda skal det sers gode grunnar til for at einkvan vil skifta frå bokmål til nynorsk. Målrørsla gjer seg sjølv ei bjørnetenesta med å segja at nynorsk er «fornuftig» og «rett», når det for det norske folket upplagt er motsett. Skal ein hava nokor von um å verta påansa av breidare krinsar enn landsmøtelyden i Noregs Mållag, lyt ein føra fram ein argumentasjon som tek det ålvorleg. Ein lyt freista å skyna kvifor norsk-dansken på dei fleste måtar fungerer framifrå som nasjonalmål i Noreg. Ein bør vera varsam med å moralisera yver deim som skriv bokmål av di dei «vel» burt nynorsken, slik det finst tillaup til hjå Hjelmbrække. Då bør ein helder byrja i egne rekkjor, der det finst nøgdi av deim

Målmannen

Utgjevar:

Samorganet Målmannen

Tilskrift:

Målmannen
Postboks 49 Blindern
0313 Oslo

Bladstyar:

Klaus Johan Myrvoll
Nedre Ullevål 9 – 312
0850 Oslo
klausjon@online.no

Tingar- og lysingsandsvarleg:

Olav Torheim
olafr@online.no

Netstad:

maalmannen.sambandet.no

Bladpengar kr 100,-

Bankgiro 2291.14.45666

Målmannen fylgjer redaktørplakaten.

som dagleg vel burt nynorsken i form av gode ord som *husvære*, *nyhende* og *røynsla*. Den stendige tilnærmingi til storebror bokmål, både med og utan velsigning frå Norsk språkråd, aktualiserer spørsmålet: Kva er i røyndi vitsen med nynorsken?

Mislikar Mållaget

Kvar tridje nordmann mislikar Noregs Mållag. Det gjeng fram av ei landsumfemnande profilundersøking som MMI hev utført for Dagbladet. I undersøkingi svarar 32 prosent av dei spurde «meget dårlig» eller «litt dårlig» på spørsmål um kva slags totalinntrykk dei hev av organisasjonen. Det gjer Noregs Mållag til den sette mest mislika organisasjonen i landet. På plassane framum Mållaget finn me berre politiske parti: KrF (52 prosent), Vinstre (44), Framstegspartiet (43) og Senterpartiet (36).

Dei *best* lika organisasjonane er Raudekrossen og Frelsesarmeen, der høvesvis 89 og 88 prosent av dei spurde svara at dei lika organisasjonen «ganske godt» eller «meget godt».

Avvikling av situasjonen?

Av Anders Moe

Debattsvar frå ein måltekknokrat er ikkje kvardagskost, so det er kjærkome at Arne Torp tek til motmæle mot meldingi mi av *Vårt eget språk* (Målmannen nr. 1/ 2004). Kapitlet åt Torp er kalla «Språkutviklinga dei siste hundre åra», og eg kritiserte honom for at han ikkje skriv noko um målvoksteren, men i staden gjev ei tendensios framstilling av striden kring den statlege rettskrivingi. Di verre vil ikkje Torp diskutera noko av innhaldet i meldingi eller boki; han held seg til ordkløyving. Han skriv: «[D]et [er] ei skuldning i meldinga som eg gjerne vil sjå betre prov på før eg godtek henne.» 'Godtaka' ei skuldning? Eg skal vera vel nøgd um denne klønute setningi verkeleg er meint å tyda at Torp er samd i at samnorskprosjektet hans er noko stort tull og kapitlet hans heilt utan verde som kunnskapskjelda, men lat meg like vel sjå litt på den eine skuldningi Torp vil sjå betre prov på.

I boki skreiv Torp setningi: «[D]ei fleste [ser nok] på den noverande situasjonen med to målformer som eit provisorium, sjølv om ingen vågar å spå når og eventuelt korleis den skal avviklast». Eg meinte pronomenbruken var rang, og

skreiv: «'Den'? Er det situasjonen som skal 'avviklast' og ikkje provisoriet? Torp hev jamt yver problem med syntaksen.» Torp er usamd i at dette er dåleg syntaks, og svarar: «Nei, det er ikkje *situasjonen* som skal avviklast, det er *situasjonen med to målformer!*»

Men kva meiner Torp med det? Han stadfester at det er situasjonen som skal avviklast, so då er det vel situasjonen som skal avviklast, då. At substantivet hev ei utfylling, gjer ikkje noko frå eller til. Ein kann avvikla eit provisorium, men å tala um å avvikla ein situasjon er meiningsslaust. So er det vel semantikken Torp hev problem med, meir enn syntaksen.

Semantisk klumsut er Torp ofte; han opnar svarinnlegget sitt med å tala um «boka *Vårt eget språk* (Aschehoug 2002), der mellom anna underskrivne har vore bidragsytar». Mellom anna er inkekyn og peikar på ting; Torp er ein person.

Her er nokre andre døme frå *Vårt eget språk*; i nokre døme er det syntaksen som sviktar, i andre er det det semantiske:

«Denne perioden er elles den store omdøypingstida når det gjeld norske stadnamn.» (s. 78). «Når det gjeld» er eit

upresist og ordrikt uttrykk; det Torp vil fram til, er jo at det var mange norske stader som fekk nye namn.

«Grunnen til at det gjekk slik, er eit komplisert spørsmål og har mange sider, ...» (s. 80). «Grunnen er eit komplisert spørsmål» er ein feil av same typen som «tittelen på denne boki heiter *Vårt eget språk*». Og «grunnen har mange sider»? Nei, saki eller spursmålet hev mange sidor!

«Trass i at riksmålsnorma ikkje var offisielt godkjend, fekk ho likevel mykje å seie i praksis, ...» (s. 84). Trass i at likevel, det er smør på flesk, det.

«På bokmålssida har vi derimot det uoffisielle riksmålet, som opererer med ei stram og einskapleg norm, og med eit monaleg [!] nedslagsfelt i praktisk språkbruk, og det utgjør dermed også ein faktor som det framleis er god grunn til å rekne med.» (s. 89) «Eit nedslagsfelt i praktisk språkbruk»? Det er tydeleg at det ballar seg for Torp når han skal umtala den fullt livande riksmålstradisjonen.

Samnorskfolk hev no vore kjende for å skriva heller hjelpelaust heilt attende til Knud Knudsen og Halvdan Koht, so Torp hev tradisjonar å halda i hevd.

Bråkmakarane var ikkje medlemer

Presisering frå styret i Norsk Bladmannelag

I samband med oppslaget um årsmøtet i Norsk Bladmannelag i Bergensavisen (BA) 10. oktober ynskjer styret i Norsk Bladmannelag å koma med nokre presiseringar:

1. Dei um lag ti personane som freista å trengja seg inn på møtet, var ikkje medlemer i laget. Styret hadde på styremøte 22. september gjenge gjenom medlemslista og kome fram til at laget hadde ni medlemer. Vedtaket var samrøystes. Det er difor misvisande når BA umtalar inntrengjarane som ein «fraksjon» i laget. Det hev sjølv sagt ikkje vore meiningi å stengja ute folk som er med i laget, og det var helder ikkje gjort.

Av dei ni medlemene var seks med på årsmøtet, medan tvo vart ståande att utanfor av di dei ikkje vilde koma inn når dei ikkje fekk taka med seg inntrengjarane.

2. I oppslaget vert det sagt at ein tidlegare styresmann er skulda for å ha nytta pengar som han ikkje kann gjera greida for.

Sergej Alexander Munkvold segjer til BA at «[d]et er forsvunnet 20 000 kroner fra kontoen», og hevdar at det er gjort underslag. Det stemmer ikkje. Alle pengane som gjekk ut or kontoen, er førde attende. Laget hev ikkje lide noko tap, slik ein kann få tokken av når ein les oppslaget i BA.

3. Norsk Bladmannelag er ikkje med i Ivar Aasen-sambandet, slik det vert hevda i BA. Ivar Aasen-sambandet vart formelt nedlagt på årsmøtet i samskipnaden 17. april 2004. Årsmøtet i Norsk Bladmannelag slo fast at laget ikkje er med i nokon yverordna samskipnad.

Anders Moe, formann
Bjørn Tormod Ringdal, styresmann
Olav Torheim, styresmann

Dette innlegget stod opphavleg på prent i Bergensavisen 16. oktober.

Gåvelista

Sidan fyrre gåvelista, som stod i nr. 1/2004, hev Målmannen fenge gåvor frå desse lesarane:

Robert K. Anderson, Hovin i Tel., 100
Dag Hagen Berg, Oslo, 100
Nils Bolstad, Voss, 50
Ingvild Bryn, Oslo, 50
Jostein Budal, Lesja, 200
Ivan Digernes, Oslo, 150
Kai Ekanger, Oslo, 50
Sjur Tarjei Fykse, Steinstø, 100
Anders Gjerland, Haukedalen, 100
Laurits Killingbergtrø, Oslo, 200
Jostein Krokvik, Fiskåbygd, 300
Arnold Lund, Sandnes, 200
John Marhaug, Fyllingsdalen, 150
Magne Myhra, Voss, 100
Magne Myhren, Oslo, 50
Frode Myrheim, Stange, 50
Edvard Myrvoll, Smøla, 100
Trygve Skomedal, Oslo, 50
Arne Søyland, Stord, 100
Johannes Volle, Volda, 50
Torgils Vågslid, Eidsvoll, 100

I alt 2350 kronor.
Hjartans takk for gåvone!

Journalistar med tillitsbrot og illojal framferd

Av Lars Bjarne Marøy, tidl. formann i Norsk Bladmannelag

9. oktober vart det halde årsmøte i mål-laget Norsk Bladmannelag i Bergen. Møtet fekk di verre eit valdelegt utfall: Ein vektar vart biten til blods og måtte taka stivkrampesprøyta. Formannen i Vestmannelaget, det eldste mållaget i Noreg, skriv i innlegg i Bergens Tidende at biteepisoden var harmlaus. Andre freistar å flira det heile burt. Parodiane i bergenspressa tek ingen ende. Kann det vera at det heile er for pinleg sidan tvo lokale journalistar var innblanda i saki?

Norsk Bladmannelag vart skipa i 1913 og er eit lag for skrivande målfolk. Lovi segjer at styret tek avgjerd um kven som skal verta nye medlemmer. Etter ein periode der laget i praksis hadde vore sovande, slo styret fast på styremøte 22. september at laget hadde ni medlemmer. Like vel, då det skulde haldast årsmøte 9. oktober, dukka det upp ei rad personar utanfor møtelokali som ikkje var millom desse, men som vilde trengja seg inn og kuppa møtet. Styresmann Christian Stabell, som er redaktør i Os- og Fusaposten, og varamann Olav Kobbeltveit, som er politisk redaktør i Bergens Tidende, sympatiserte med inntrengjarane. Dei vilde ikkje koma inn på årsmøtet utan at dei

fekk ha med seg dei som ikkje var medlemmer. Stabell hev i ettertid sagt at han hev gløymt at det vart gjort vedtak um kven som var medlemmer, men dei tvo andre styresmennene hugsar det godt.

Lagsverksemd i hadde som nemnt lege nede ei tid, og fyre årsmøtet var det naudsynt å gå gjennom økonomien åt laget. I samband med denne gjennomgangen vart det klårt at ein av styresmennene hadde gjort uttak som det ikkje kunde gjerast greida for. Formannen tok seg av saki og heldt styresmannen Stabell og varamannen Kobbeltveit orienterte. Han bad dei bære um å halda saki internt. Pengane vart betalte attende.

Trass i oppmodingi um å halda saki innanfor styret var det i samband med det mykje umtala årsmøtet tvo personar som hevda at det var gjort underslag i laget. Den eine hev upplyst til Bergensavisen at han visste um det i god tid fyre årsmøtet. Dei einaste som kann ha informert honom um dette, er Christian Stabell og Olav Kobbeltveit.

Fyre årsmøtet hadde formannen fenge fyrebod um at utanlags folk vilde koma og freista å kupa møtet. Det var kjent at ein av desse ikkje-medlemene hadde

valdelege dragnader, og det vart difor teke avgjerd um å leiga inn vektarar. Det synte seg å vera naudsynt. Dei same personane som hevda at det hadde vorte gjort underslag, tedde seg fyrst trugande andsynes vektarane med å segja at dei skulde trengja seg gjennom ei læst dør so snart det kom forsterkingar. Når so dei tvo vektarane vilde tryggja inngangsdøri for «forsterkingane», enda det i fysiske basketak, og ein av vektarane vart biten til blods.

Påstandane um underslag ser ut til å ha vore ein viktig del av motivasjonen for den valdelege framferdi utanfor årsmøtestaden. Eg ser det som eit grovt tillitsbrot mot laget og som sers krenkjande mot den personen som hadde gjort upp for seg på stutt varsel at Christian Stabell og Olav Kobbeltveit gjekk ut til folk utanfor styret og laget med påstandar um underslag. Ikkje nok med det: Dei er bære andsvarlege for å ha medverka til å hissa upp til valdsbruk. Dessutan hev dei medverka til ei umfemnande skrivning i bergenspressa der påstandane um underslag hev vorte spreidde gjennom fleire lesarbrev. Bergens Tidende hev nekta å taka inn korrigjerande innlegg.

Forskingi er grunnlaget

Av Klaus Johan Myrvoll

Det hev vore interessant å fylgja universitetsordskiftet i Aftenposten den seinaste tidi. Serleg interessant var innlegget åt utdanings- og studieandstarverleg i Studentparlamentet i Oslo Boel Christensen-Scheel 25. november. Det gjev gode døme på kva for tilrengd syn mange studentpolitikarar hev på kva som kjem fyrst og sist på universitetet. Under yverskrifti «Professoral maktarroganse» karakteriserer ho dei vitenskapleg tilsette som «en herskerklasse som nå er i ferd med å miste sin vetorett for demokratiets skyld». Når synspunkti deira vert ignorerte i stendigt fleire saker, seinast med vedtaket um at instituttstyrarane på Det historisk-filosofiske fakultetet i Oslo skal tilsetjast og ikkje veljast, er det ikkje udemokratisk, lærer ho oss, men berre eit utslag av at «alle de andre som med god grunn er gitt stemmerett (ledelse, studenter, teknisk/administrativt ansatte), mener noe annet enn dem».

Christensen-Scheel meiner openbert at studentane, då i tydingi det snevre

utvalet som hev funne seg eit beite i Studentparlamentet – med sine «stadige [sic] friske blikk på systemet og dets skavanker» – hev betre forstand på koss universitetet bør drivast enn det dei vitenskapleg tilsette hev. Denne nedvurderingi av fagleg upparbeidd kunnskap og røynsla er reint utruleg, men di verre utbreidd millom deim som likar å kalla seg studentpolitikarar. Dei mistenkjeleggjer motivi åt dei vitenskapleg tilsette for eit godt ord, men ser ikkje eigne avgrensingar i faglege spursmål. Det er eit problem at altfor mange komande byråkratar tek læretidi si som studentrepresentantar på universitetet.

Christensen-Scheel ser heilt burt frå at sjølve grunnlaget for universitetet er den forskingi som dei vitenskapleg tilsette utfører. Det er forvaltning og vidareutvikling av kunnskap som stødt hev vore kjerneoppgåva åt universitetet. Denne verksemd i er fyrst og fremst drivi av ynskjet um djupare innsyn, men er òg til bate for samfundet ikring. Når desse ide-

ali vert truga av ei meir instrumentalistisk syn, der universitetet vert redusert til ein leverandør av arbeidskraft og næringsnyttig forsking, er det naturleg at dei vitenskapleg tilsette reagerer. Ein må berre segja seg leid for at Christensen-Scheel, og mange med henne, ikkje ser fārane ved den framveksande instrumentalismen, men berre jattar med um at universitetet må «kommunisere med omverdenen og synliggjøre sin kompetanse».

All den tid sjølve grunnlaget for universitetet er den frie, akademiske forskingi, vert det eit demokratisk problem når dei som stend for denne verksemd i, forskarane, vert sette på sidelina. Det hjelper lite å gjera som Christensen-Scheel og visa til at dei teknisk-administrative og studentane er mange fleire, når desse gruppone er heilt sekundære i høve til dei vitenskapleg tilsette. Det er råd å tenkja seg eit universitet med munaleg færre både byråkratar og studentar enn i dag, men det er ikkje råd å tenkja seg eit universitet utan forskarar.

Kvifor sigr ikkje Aasens landsmål og vart einaste riksmål i Noreg?

Opplegg til eit mogeleg ordskifte

Av K. E. Steffens

Det grunnleggjande spørsmålet i nyare norsk målsoge kan ordleggjast slik: Kvifor sigr ikkje Aasens landsmål i striden med «det almindelige Bogsprog» og nådde fram til språkleg monopol med status som «einaste riksmål i Noreg»?

Problemet vert serleg vanskeleg dersom ein nasjonalistisk hevdar at der hev vore ein samanhangande raud tråd i norsk soge i form av, ikkje berre teoretisk kunnskap, men *levande medvit* hjå nordmennene om å vera eit serskilt folk, ein nasjon med sosiale og kulturelle eigenskapar som gjer det rett å tala om ein norsk identitet med sers gamle og gode røter. (Artikulerte talsmenn for eit slikt syn i dag er professorane Kåre Lunden og Øystein Rian ved Universitetet i Oslo. Både er nok sterkt inspirerte av Ernst Sars, truleg den mest *intelligent* gåverike, vel-skrivande og påverknadstunge historikaren i saga åt dette faget i Noreg.)

Dersom ein reknar eit slikt medvit som ein sikker og trygg identitetsskapande faktor, korleis skal ein då forklåra at nynorsk i dag etter 150 års målstrev framleis er eit minoritetsspråk som mindre enn 10% av folket brukar skriftleg, men dei fleste av desse i ei klårt, og ofte sterkt, bokmålisert form, medan berre ein ørliten minoritet meistrar det munnleg og med klårt medvit skriv det på tydeleg tradisjonsorientert vis?

I staden for innflokke bortforklaringar kan ein nytta Occams barberkniv, og då ser ein grant at noko nasjonalt norsk medvit aldri hev eksistert anna enn som fluktuerande kjensler og uklære fyrestellingar, kort sagt eit sprikjande mangfelde som på det språklege omkvervet aldri samla seg om å stadfesta og praktisera nynorsk som det einaste rettkomne norske skriftmålet. At denne analysen tykkjest rett og råkande ser ein grant når ein kastar eit blikk på den språklege røyndomen i dagens Noreg. Det er uråd å finna noko som bind saman til ein språkleg fellesskap, nokon ideologisk «substans» eller sams språkleg medvit. Stutt sagt: Der er ingen norsk språkleg identitet i vårt land. Det me finn, er kløyvande usemje om grunnleggjande spørsmål, men òg ein stor flokk, ja kanskje eit fleirtal, som er stort sett likesæle og uinteresserte i slike språklege stridsspørsmål.

Fleirtal og mindretal er der elles heile

vegen, og viktigast er her motsetnaden millom dei som hevdar at bokmålet i ei eller onnor form er eit høveleg norsk skriftmål, og den minoriteten som tilsvarande styd nynorsken og målreisinga. Men i både læger er der tradisjonalar og modernistar ved sida av ein truleg størst flokk moderate, folk som stort sett godtek dei skriftbileta som oftast møter dei i bøker og blad på bokmål og nynorsk.

At der ikkje finst noko overordna, samlande medvit i landet vårt når det gjeld språk, men eit mangfelde av medvit og identitetar, gjeld òg på alle andre sosiale og kulturelle omkverve. Ein samlande og sermerkt norsk identitet finst ikkje som anna enn subjektive og vilkårlige konstruksjonar. Men sjølvsagt finst innbilinga og overtydinga om ein slik sams kjerne; påstandet og trua på eit sams nasjonalt medvit er ein retorisk verksam faktor, som ikkje minst politikarar og festtalarar veit å nytta ut. («Nasjonsbyggjing» er namnet på det strevet som tek sikte på å skapa eit slikt konstruert og innbilt medvit.)

Dersom denne analysen er sætande (eg er ingen dogmatikar og ser gjerne at nokon legg fram klare og gode motargument!) er det lett å forstå kvifor nynorsken og målrørsla er eit mislukka prosjekt. (Mislukka då i ljøs av det målet ein hev streva i 150 år for å nå.) *Der var ikkje grorbotn i form av eit gamalt nasjonalt medvit som kunne byggjast ut til eit fleirtal for nynorsk som det einaste rettkomne norske nasjonalspråket.*

Der var ikkje på 1800-talet og heller ikkje i dag noko norsk «folk» i tydinga av ein populasjon med eit sams system av språklege verdiar, eit aktuelt eller potensielt medvit om det kulturelt audmykjande, ja vanærande, i eit skriftmål med klårt danske røter. Målrørsla gjorde alt ho kunne for å skapa eit slikt medvit, men resultatet er som nemnt umåteleg fjernt frå det ein drøymde om og stridde for.

Målfolk må tidleg ha vore klare over at dei ikkje kunne byggja på noko språkleg-nasjonalt medvit eller entusiasme. I mangel av ei breid og sterk folkerørsla som kravde eit norskrøtt skriftmål, måtte ein lita på statlege organ, og det ville då fyrst og fremst segja Stortinget. Målfolk gjekk tidleg inn for *politisering* av mål-

saka, noko som er dokumentert i ordskiftet millom meg og Jostein Krokvik i Målmannen nr. 4/2003 og 1/2004.

Krokvik peikar på at slik stoda var, kunne berre statlege organ syrgja for at «Folkesproget», Aasens landsmål, fekk status som offisielt og jamstelt skriftmål i 1885. Ei sterk og breid folkerørsla stod ikkje attom dette vedtaket; det sprang ut av den nasjonsbyggjande trongen hjå ein radikal elite som hadde vunne over den tidlegare eliten, embetsmennene, og fått fleirtal og dermed makta i Stortinget.

Norske bønder var langt ifrå nokor einskapleg sosial, økonomisk og kulturell klasse, og der var stor variasjon i målføra deira. Men trass i alt dette mangfeldet vart dei lanserte som dei eigenlege berarane av norsk-nasjonal kontinuitet og identitet, og det sprikjande mangfeldet av norske dialektar vart ofte omtala som ein samansveisa pakke: «Folkesproget», noko som gav meir tyngd og prestisje til krava.

Les ein Arne Garborg og Christoffer Bruun, er det tvingande klårt at kravet var at eit skriftmål som i hovudsak skulle likna Aasens normalform måtte få status som det einaste rettkomne norske nasjonalspråket. Det er dette eg på noko biletleig vis hev kalla «imperialisme», eit ord Krokvik mislikar i ein slik samanheng. «Monopol» er kanskje like metaforisk, men røyndomen er i alle høve klår, nemleg trong, vilje og strev for å få eitt, tolleg strengt normert skriftmål som einaste skriftmål i Noreg. Og dette skriftmålet skulle på alle omkverve koma i staden for det framande, ufolkelege og unasjonale som hadde rådt grunnen sidan 1400-talet. Og i mangel av breid, landsfemnande oppslutnad om landsmålet, bygd på eit gamalt medvit som kunne vekkjast og utviklast på det språklege omkvervet òg, måtte ein satsa på staten og hans «Verge-maal», ein stat der det sterkt nasjonalistiske venstrepartiet hadde fått overtaket. Men dermed var politiseringa av målsaka koma inn i eit far som enda i uføre. For staten fylgde nemleg sin vanlege praksis i omstridde spørsmål, nemleg å skipa komitear i samsvar med dei demokratiske spelereglane, og so var det opp til regjeringa og eventuelt Stortinget å taka den endelege avgjerda. I det store og det heile hev norske styresmakter fylgt tilrådin-

gane frå dei komiteane som hev kome med framlegg om normeringa og utviklinga av dei to skriftspråka våre. Nynorskfolk aksepterte statlege avgjerder i 1901 og 1910, og endå om der var ein del murring i 1917, slo dei aller fleste seg til tols med brigda av di dei nye, «samnorske» formene ikkje var obligatoriske. Men prinsipielt godtok nynorskfolk statleg styring av norsk språk av di dei i mangel av ei stor, sterk og landsfemnande masserørsle i det lengste leit på at nasjonalt medvitne politikarar ved kongeleg resolusjonar studt av eit fleirtal i Stortinget ville syrgja for at me fekk eit høveleg skriftmål «på norsk folkemålsgrunn». Men staten var i fleire tiår ein «Venstre-stat» som på nasjonale premisar gjekk inn for den samnorske lina, men sjølvsaugt på grunnlag av norske talemål som Aasens landsmål enno ikkje var eit fullnøggjande uttrykk for. Det var endå ikkje «demokratisk» og inkluderande nok, og her kunne ein stydja seg til eit sterkt fleirtal i den fremste ekspertisen me hadde på språk og kultur. Dei som ordla seg kritisk til offentleg språkplanlegging kunne lett stemplast som høgrefolk og vart marginaliserte, slik som t.d. Johan Storm, den framifrå fonetikaren og kjennaren av norske dialektar, som stort sett vert hugsa og åtvarande nemnd som døme på kor rangt ein kunne spå om nynorsken.

Min analyse skil seg frå Krokviks og andre i høgnerskflokken i synet på inspirasjonen og synet på og målet for den samnorske ideologien. Han hadde opphavet sitt i nasjonal brennhug, og var ein idealistisk tenkt og styrd lekk i det nasjonsbyggjande strevet på slutten av 1800-talet. Det er eit paradoks at nettopp ein sterk språkleg nasjonalisme knytt til partiet Venstre, og som i stor mun gjekk i arv til dei gruppene som braut ut og skipa eigne parti, og serleg til Arbeidarpartiet då det vart borgarleg og nasjonalt, at nett denne kjensla av det nasjonalt perverse i å vera språkleg kløyvd, hev vore øydeleggjande for nynorsken. «Øydeleggjande» då i den tydinga at språket hev mist so mykje av dei sermerka som gjorde det kulturøkologisk forvitneleg og rettkome at det i dag meir og meir stend fram som ein bokmålisert språkleg ruin.

Det er ikkje rett å skulda på stat og teknokrati for dette uføret nynorsken er komen oppi. Kva anna kunne statlege instansar gjera enn å nytta ut den språklege ekspertisen me hadde og i det store og det heile fylgja dei tilrådingane det

resulterte i? Og kven kan tvila på at desse fagfolka hadde det rette nasjonale sinnelaget, slik som eit fleirtal av norske politikarar? Det rådande synet hjå dei som etter demokratiske spelereglar var valde og tilsette for å styra og stella med viktige nasjonale spursmål var at me kunne ikkje i generasjonar framover halda fram med å vera eit språkkløyvt land. Det var noko beint fram perverst ved eit slikt tilstand, og når den fremste språklege ekspertisen vår hevda at der var ei djup, indre drift til nasjonal-språkleg samling, ofte tolka som ein tvingande evolusjonær prosess, kan det ikkje forundra at norske styresmakter meinte at det var med full rett at ein lagde tilhøva til rette slik at utviklinga fram til det samlande norske skriftmålet vart lettare og vegen jamnare.

«Utviklinga» vart av mange oppfatta som ein målstyrd prosess, og det var ikkje fritt for at sume såg på Ivar Aasen og målreisinga som uttrykk for ein gudgjeven lagnad som ville gjera oss til eit skikkeleg folk på det språklege omkvervet òg. For det samnorske språket skulle sjølvsaugt liksom Aasens landsmål tuftast på norsk talemålsgrunn, men på ein meir inkluderande og demokratisk måte enn Aasen med sine vel sterke nasjonalromantiske og norrøne omsyn hadde gjort det.

Eit «teknokratisk» element gjorde seg naturleg nok gjeldande når reformene, den nasjonale språkpolitikken, skulle setjast i verk, men den dirrande understrengen var nasjonal og demokratisk: Me kunne ikkje halda fram med to tolleg like skriftspråk, og det samlande nasjonal-språket måtte vera slik normert at so mange som råd var kjende seg att i det, kunne kjenna seg trygge og «heime» når dei ville setja ord på papiret.

Dette var nasjonal idealisme, overtvinging om at eit talemålsnært skriftmål ville vera til bate for dei breide laga av folket, det fleirtalet som hadde talemål den filologiske eliten vår hevda endå ikkje hadde fått sin rettkomne plass i nynorsken.

Av di målrørsla aldri hadde hatt grunnlaget sitt i eit breidt nasjonalt medvit og frå fyrste stund hadde appellert til tolleg elitære nasjonalstatlege interesser og instansar, synte det seg umogeleg å reisa effektivt motstand mot 1938-reforma og konsekvensane hennar.

Gustav Indrebø gjorde ein ageleg innsats, men han døyddet tragisk tidleg, og då såg det ut til at hans vurdering og

det motstandet han hadde leidd, var eit mistak. 1938-reforma hadde nemleg i fyrstninga ein kveikjande verknad, slik at nynorsken vann mange skulekrinsar og fekk sin høgste oppslutnad nokosinne.

Men Indrebø hadde nok sett klårare enn dei han polemiserte imot, for trass i mykje oppofrande og ideelt strev hev nynorsken mist alt og meir til av vinsten etter 1938-reforma. Og det var nett dei som skulle vinnast ved den meir opne og talemålsnære, demokratiske normeringa som tidlegast fall ifrå, medan språket hev halde seg best i dei landslutene der det tidlegast slo igjenom, og der hev det fyrebils stabilisert seg.

Det samnorske strevet var ei nasjonalt inspirert og grunnleggjande idealistisk rørsle, tenkt ut og styrd av folk som ynskte eit talemålsnært normert og «demokratisk» skriftmål, demokratisk i den tydinga at flest mogeleg skulle kjenna seg språkleg heime når dei sette ord på papiret. Ein såg fyre seg og drøymde om eit språkleg samla folk der eit massivt fleirtal ville røyna at å skriva ikkje var tungt og tyngjande strev, men beint fram lett, greidt og frigjerande for tanke og kjensler. Prosjektet mislukkast primært av di eit effektivt nasjonalspråkleg medvit ikkje fanst og heller ikkje trass i mykje strev lét seg odla fram. Riksmålsreaksjonen etter krigen sanna Indrebøs beint fram klårsynte prognose, men den nynorske tradisjonalismen var for veik til verknadsfullt å nå fram.

Riksmålet og nynorsken og deira rørsler var tevlande former for språkleg medvit og identitet, medan der truleg heile tida var eit fleirtal med lita, uklår eller inga interesse for desse spursmåla. At riksmålsreaksjonen vart so sterk og framgangsrik, er det beste og klåraste provet på at der ikkje fanst noko einskapleg norsk folk med eit gamalt nasjonalt medvit, det nasjonalromantikarane kalla «folkesjel», og som no hev fenge det meir «vitskaplege» nemnet *identitet*. Hadde noko slikt funnest med djupe historiske røter, ville det ha sett heilt andre språklege merke etter seg enn dei små og veike resultata ein i dag kan syna til som frukter av 150 år med nasjonsbyggjande strev for å gjeva Noreg eit skriftmål bygt på «folkets virkelige talesprog», eller som det vart heitande på nynorsk: «norsk folkemålsgrunn».

Vox clamantis in deserto?

Ei kritisk oppgjerd med rådande talemålsideologi i Nynorskland

Av Ola I. Breivega


Innlegg på målstemna på Stord 1.–3. november 2002.

Det er ein skikkeleg provokasjon av eit spursmål tilskipingsnemndi hev bede meg um å svara på her i dag: Kvifor er målfolk so dumme?

Då må eg fyrst segja, som Kåre Willoch plar gjera: Spursmålet er gale ordlagt.

Mistaket ligg i at formuleringi vantar eit pronomen, eit «me» eller «vi». Ingen av oss kann sitja på sin høge hest og berre kritisera «dei andre», for ingen av oss hev halde stigen sin rein. Alle som reknar seg som målfolk, og som kanskje jamvel er med i Noregs Mållag, hev eit delandsvar for den stoda nynorsken, og dimed me nynorskingar, er hamna i, kvantitativt og kvalitativt. Sume av di dei hev vore aktive pådrivarar for den ideologien og dei arbeidsmåtane som hev ført oss dit me er i dag. Andre av di dei ikkje hev gjort noko som helst i nokor som helst leid. Og atter andre av di dei ikkje hev makta å argumentera yvertydande nok for andre vegval, på eitt eller fleire omkveve. Til dei siste reknar eg meg sjølv. For heilt sidan 1970-talet hev eg med ujamne millomrom teke til ords for alternative grep i arbeidet for nynorsken, men noko praktisk resultat kann eg ikkje peika på. Røysti mi hev vel vore, og er vel framleis, det som i den latinske kyrkjebibelen Vulgata vert kalla «vox clamantis in deserto». Det tyder ikkje ein som lagar klammeri under desserten, men røysti åt ein som ropar i øydemarki. Sjølv hev eg rett nok heile tidi meint at eg ikkje stod i nokor øydemark, men i ein fræv oase, men det hev eg nok vore åleine um å tykkja.

Spursmålet vert då: Kvifor er me målfolk so dumme? Og serleg: Kvifor er me so dumme når det gjeld mål og veg i talemålspolitikken? For etter programmet skal eg taka ei kritisk oppgjerd med rådande talemålsdialektikk i Nynorskland. Og det skal eg gjera. Men sidan alt heng i hop i målarbeidet, er det ikkje råd å halda seg på den tilviste talemålsteigen heile tidi. Eg må belomtil taka avstikkarar til andre kamparenaer. Det kann diverre føra til at eg av og til kjem inn på emne som andre innleidarar her på stemna er bedne um å dryfta serskilt. Det



Ola Breivega talar nynorsk normalmål, og vil at andre skal gjera likeins.

Her på målstemna på Stord 1.11.2002.

likar eg ikkje, for eg ynskjer ikkje på nokon måte å gå dei andre i næringi. Eg skal trø so varleg eg berre kann, og ikkje segja anna enn det som segjast må for å få fram hovudærendet mitt.

Nynorsken som talemål fram til 1970-åri – ei stutt historisk attersyn

Bruken av nynorsk som talemål hev ei brokut saga. Dei fyrste målmennene, Ivar Aasen og Arne Garborg, for å nemna tvo av dei fremste, tala aldri nynorsk, det eg veit. Anten heldt dei seg til heimemålet sitt, eller so tala dei norsk-dansk. Båe skreiv òg som kjent på det målet – Aasen faktisk på rein dansk; han meistra visst det betre enn nokon annan nordmann i si samtid og sette si æra i det. Men etter kvart tok serskilt interesserte målfolk nynorsken i munnen òg. Det var vel fyrst og fremst lærarar, prestar, politikarar og andre som stod fram i det me i dag kallar «det offentlege romet», som gjorde det. Um det var noko avgjort program for dei å nytta nynorsken munnleg, eller um det «kom av seg sjølv», er ikkje so godt å vita; det skifte vel frå den eine til den andre. Men eg trur i alle høve at dei ikkje møtte motstand millom målfolk for den munnlege nynorskbruken sin, slik det vart sidan. Den oppgåva var det riksmålsfolk som tok seg av den gongen; dei lika målet like lite i skrift som i tale. Eit vitnemål um det er ein replikk i *Det lykkelige valg* av Nils Kjær, han som fann upp

vestlandsfanden. I dette skodespelet frå 1913 vert ein nynorsktalande statsråd umtala som «lodden i munnen», og me fær vita at i affekt kann han «falle ut av landsmålet», og dimed skynar me at tala landsmål er tilgjersla og knot. For å gjera karakteristikken fullkomen lét Kjær målmannen beda um saft når han fær tilbod um vin; verre kunde det ikkje verta.

Eg gissar – sidan eg ikkje hev havt høve til å kontrollera det – at nynorsken fekk ein framskuv som talmålsnorm då radioen – og sidan fjernsynet – kom og dimed kravet um at nynorsken skulde hava sin plass der òg. Mange gjorde ein framifrå innsats for å fremja ein velflidd og funksjonell medienynorsk. Tenk berre på Karl Jakob Castrén Lyche, tilsett i NRK i 1934, og Hartvig Kiran, tilsett der frå 1938. Skamlause brev dei fekk i posten, vitna um kor ille måletarane tykte det var med nynorsk i rikskringkastingi. Men målfolket vilde hava det. Og dessutan mange bokmålsfolk, det må segjast.

I dag er stoda for nynorsken i radio og fjernsyn korkje kvantitativt eller kvalitativt slik me kunde ynskja. Det er for lite av han, og det som er, er ikkje godt nok. Dei medarbeidarane som leverer ein heilt lytefri nynorsk, er diverre so få at dei kann teljast på éi hand. Jamvel millom deim som hev fenge målprisen frå Kringkastingsringen for god nynorskbruk, finst det dei som etter mi syn aldri skulde ha fenge han. Men Kringkastingsringen hev med åri fenge eit større og større dilemma: Skal dei etla ut prisen til uverdige mottakarar, sidan det ikkje finst fleire verdige, eller skal dei lata vera å etla han ut i det heile og dimed stadfesta det eg nett sa? Boterådi må vera innskjerping av kravet um å meistra nynorsk munnleg og meir opplæring i nynorsk normalmål for dei medarbeidarane som treng det – og det er dei fleste. Men som det ofte er: Dei som er viljuge til å taka imot rettleiding, er gjerne dei som treng det minst.

Då eg gjekk på landsgymnaset på Vinstra på slutten av 1950-talet, tala alle nynorskingane i lærarkollegiet (burtset frå éin) nynorsk – realistar og filologar um kvarandre. Fleirtalet av elevane hadde nynorsk til hovudmål, men korkje dei eller dei mange bokmålskrivande elevane der kom med kritikk av lærarane

av di dei tala nynorsk. Då eg kom til Oslo i 1959 – «for å studera eller døy», som Garborg skreiv – var det heilt sjølv sagt for meg å melda meg inn i Studentmållaget, serleg etter å ha høyrte ein strålande tale av professor Sigmund Skard, ein mann som i praktisk målbruk nådde himmelhøgt yver det han stod for som språkideolog. I Studentmållaget heldt me det nynorske normaltalemålet for å vera so viktig, både for å styrkja vår eigen språklege identitet og for å fremja einskap, klan-kjensla um ein vil, millom nynorskingane at me utan å sjå noko problem i det skipa til kurs i nynorsk normaltalemål med mange deltakarar. Læreboki me nytta, var skrivi av professor Olav Midttun, som vart utnemnd til dosent i landsmål på Universitetet i Oslo i 1917. Seinare vart han professor i same faget og dertil kringkastingssjef og gjorde ein storveges innsats for skriven og tala nynorsk i bae stillingane. Den ting at «gåverik landsungdom med hug til boki» – som det stod i innbjodingssskrifti då Voss landsgymnas vart skipa – nytta skriftmålet som rettesnor for talemålet sitt, var fullstendig uproblematisk for målungdom i mi studietid. For meg personleg var det ei språkleg berging i dette, for som den papegøyen eg alltid hev vore, la eg meg etter kvart til eit talemål i Oslo som ikkje hørde nokon stad heime, ei ufager blanding av dølamål, nynorsk, bokmål og kva det no kunde vera, eit idiom av det slaget som i dag gjerne vert kalla naturleg talemål, jamvel dialekt. So det var rett, det resten av redaksjonen i bladet til Studentmållaget skreiv då dei etterlyste redaksjonsmedlem Ola Bredeveien, som hadde skulka pliktene sine og ikkje møtt upp til fleire avtala møte. I etterlysingi stod det nemleg, som eit særskilt kjennemerke: «Han talar gudbrandsdalsmål, men blandar mykje.»

Den syni på tilhøvet millom skriftmål og talemål som rådde i Studentmållaget i Oslo på den tid, samstavast med det Leiv Heggstad skriv i *Norsk grammatikk* frå 1931 (som er andre utgåva av *Norsk grammatikk for skuleungdom*; eg hermer her § 9 etter faksimilie-utgåva frå 1975): «Skriftmålet og talemålet verkar på kvarandre. På den eine sida vil skriftmålet umerkande retta seg etter talen, helst i minder påakta ting som i ordtydingar og setningslære (syntaks). På den andre sida vil talen, serleg hjå folk som les og skriv mykje, koma til å retta seg mykje etter skriftmålet. Når skriftmålet er nasjonalt og hev vakse fram i sjølve lan-

det, so verkar det samlande og atterhal-dande på talemålet. Eit framandt skriftmål derimot verkar kløyvande og øydeleggjande på det heimlege målet.»

Værskiftet i 1970-åri

Det store og øydeleggjande umslaget i syni på bruken og verdet av det nynorske normaltalemålet kom på 1970-talet. Då eg var leidar i Noregs Mållag (frå 1975 til 1977), fekk eg høyra frå lagsfolk som var samde med meg i det meste når det galdt målpolitikk, at dei nok hadde tykt eg var eit brukande leidaremne, men at dei likevel hadde vore i tvil um eg burde setjast på den posten. Årsaki til tvilen var at eg jamleg nytta nynorsken som talemål, og at eg i ein artikkel i Syn og Segn hadde argumentert for at fleire burde gjera det. Det nynorske normaltalemålet vart etter kvart tabu i målrørsla. Arbeidssprogrammi vart kjemisk reinsa for alt som kunde tyda på at det var ei oppgåva for Noregs Mållag å fremja bruk av nynorsk normaltalemål. No var det målføri eller «det naturlege talemålet» som skulde upp og fram. Normalmål, same korleis dei var, nasjonale eller inntrengde, hadde den same fælslege verknaden: Dei kua det naturlege talemålet åt folk. Nynorsk normaltalemål fortente difor ingen plass i ei rørsla som stridde for sokalla språkleg frigjerung, noko eg aldri hev trutt på eller set som ei oppgåva for målrørsla. I staden hevda eg, og hevdar eg framleis, at målrørsla er ei fylking som strir for språkleg binding – binding til nynorsken og til den nynorske normtradisjonen. I det ligg det sjølv sagt òg eit forsvar for og ei oppvurdering av målføri, for utan levande norske målføre hadde me aldri havt nokon nynorsk skriftnormal. Det eg stod for og stend for, er eit forsvar av dialektikken: So mange nynorskingar som råd bør dyrka både heimemålet sitt og det nynorske normaltalemålet, i ein fræv symbiose. Men dét var det ingen som vilde so mykje som dryfta eingong, togni var total. Eg vart truleg noko paranoid av all motgangen og tyktest hava imot meg ein skokk med individualistar med eit talemålsregister som ikkje rokk lenger enn til målet dei hadde lært på tunet heime. Alt som gjekk ut yver det, var visst av det vonde. Ein kunde jamvel i bladet åt Studentmållaget i Oslo lesa ein lovtale yver ein student i nordisk målvitskap som skreiv hovudoppgåva si på dialekt. Til då hadde eg trutt at skriftleg dialektbruk var ein pedagogisk metode til bruk i barneskulen – og

jamvel umstridd på det nivået. No skyna eg at eg hadde teke i miss.

I ettertid kann ein vel sjå det slik at eg kjende meg som ein forsvarar av heilskapen i målreisingsprosjektet kringsett av einsynte svermarar som nidheldt på sin monomane tese: målføret åleine, målføret åleine, målføret åleine!

Det var da, det, og itte nå, vil de kanskje segja med Prøysen – det er ikkje fullt so monomant no. Og det er vel sant, eg kjenner meg ikkje so åleine lenger i striden mot det eg hev kalla den sjølvpålagde dumskapen i talemålspolitikken. Eg hev jamvel upplevt å verta sitert som eit språkpolitisk sanningsvitne! Men på visse hald er den ville dialektideologien framleis rådande konfesjon. Kva kunde ein vel ikkje lesa nyleg i bladet Prosa, som er organ for Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening? Jau, der målbar eit velutdana og velskrivande nynorsk kvende ein hjartesukk um kor vanskeleg det var for henne å halda målføret sitt reint i storbyen ho hev valt å bu i. Men til all lukka visste ho um ei boteråd: Bygdefolk i byen som ynskjer å halda på målføret sitt, bør med jamne millomrom få heimreis på blå resept! Slik talar berre den som meiner at kvar ein-skild skal strida sin eigen vesle strid mot den språklege yvermakt i byen, og som meiner at talemålspolitiske alliansar millom målfolk er ein styggedom, um dei i det heile hev tenkt noko um dette.

Kva er talemålsnormering?

No er det vel på tide å segja noko um kva eg meiner med talemålsnormering. Det eg talar um, er medviti, sjølvvald og sjølvstyrd normering av talemålet med nynorsken som magnetisk nordpol. Eg tenkjer ikkje på den umedvitne påverknaden andre talemål og ulike skriftmål hev på talemålet vårt. Slik ureflektert påverknad bør motarbeidast. Eg talar um aktiv talemålsrøkt.

Og då vil me sjå at slik talemålsrøkt kann praktisera på tri omkverve eller nivå: det leksikalske, det fonetiske og det morfologiske.

Leksikalsk normering

Leksikalsk normering tyder at me medvite tek i bruk nynorske avløyssarord i staden for ord og uttrykk som hev trengt seg inn i talemålet vårt frå eller via bokmål, til dømes ord i eit fagspråk (men ikkje berre slike). Denne normeringi burde vera den minst problematiske å godtaka for dei som hev valt å skriva

nynorsk. Nokre einstaka dømme: *storleik* for «størrelse», *medvit* for «bevissthe(i)t», *vilkårdom* for «betinga dom», *grunngeving* for «begrunnelse» (i hovudleidaren i morgonutgåva av Aftenposten for i dag kann me lesa ordet i formi *grunngivning*), *fyrekomsttal* for «hyppighe(i)t», *togn* for «taushe(i)t», *arbeidsløysa* for «arbeidsledighe(i)t», *høve* for «adgang» osv. Eg spør: Kvifor skal dei nynorske kulturordi berre nyttast i skrift? Um det vert verande slik, kjem Georg Johannesen til å få rett i sin elegante ironi: Det er nynorsk som er det eigenlege bokmålet. Eller som eg sjølv hev sagt: Kvifor skal ein vera nøydd til å lesa i bok eller blad for å møte dei nynorske kulturordi? Skal dei ikkje høyrast? Skal dei eventuelt ikkje høyrast andre stader enn i etermedia, på teateret og (kanskje) i skulen? Skal det ikkje vera mogleg for ein analfabet å koma i kontakt med nynorsken?

Fonetisk normering

Med fonetisk normering meiner eg meir eller mindre gjennomgripande justering av ljodar og ljodsamband. Lat meg fyrst gjeva nokre dømme på slikt som ikkje bør normerast. Til det høyrer uttalen av ein-skildljodar: Folk må få rulla eller skarra på r-ane sine so mykje dei lystar, tonelaget skal få visa kva for ein del av landet dei kjem frå, folk må få segja både *ikkje* og *itkje*, *sol* med tjukk *l* eller *sol* med tunn *l*, det må vera fritt fram for både a-infinitiv, e-infinitiv og kløyvd infinitiv (jamvel um eg tykkjer a-infinitiv burde vera eineform i skrift). Men her kjem nokre motdømme: *adle* eller *æille* burde verta til *alle*, *bjødn* eller *bjøynn* burde verta til *bjørn*, *bord* med tjukk *l* burde bli til *bord* med r-utljod, monoftongar, til dømes i *sten* eller *stæn*, burde verta til diftongar, alto *stein*. Det fær vera nok i denne umgangen, de skynar teikningi.

Morfologisk normering

Morfologisk normering vil segja at formverket, alto bøygjings- og ordlagings-element, vert dregne i nynorsk leid. For ein gudbrandsdøl som meg vil det til dømes tyda at fleirtalformi *heste* vert til *hestar*, at *hestæin* vert til *hestane*, at *bygde* vert til *bygder* og *bygdi* til *bygdene*. Eller at *oss* vert til *vi* eller *me*, og at kasusbøygingi av substantiv fell burt.

Kor langt ein skal gå i normering, må kvar einskild avgjera, so framti vedkommande rår seg sjølv i målvegen og ikkje er pålagd å normera fullt og heilt, til

dømes som dagnyttupplesar i eit etermedium. Kor formell eller uformell situasjonen er, kann vera eit moment som avgjer korleis normeringi bør doserast – slik det gjerne er i normale språksamfund. Det som for meg er det viktigaste å få fram, er at bruken av det nynorske normaltalemålet er ein integrert del av målarbeidet, og at denne delen av målarbeidet i dag er mykje viktigare enn målførearbeidet, som langt på veg er ført til endes med siger, men – det må segjast – utan at denne sigeren hev havt påviselege positive fylgjor for bruken av skriven nynorsk. Parolen for det store fleirtalet av nordmenn som i det heile bryr seg um dette emnet, er vel den same som fyrr: Snakk dialekt, skriv bokmål! Det var faktisk sume som spådde dette, og dei hev fenge syrgjeleg rett. Ja, det hev i røyndi gjenge endå verre. For no samlast fleire og fleire under ein ny parole: Snakk bokmål, skriv bokmål! Og dei ser ikkje noko alternativ.

Kven skal stå for opplæringi?

Mange treng sikkert ingi hjelp til å orientera talemålet sitt mot nynorsk, dei greider seg sjølve. For andre kann det vera godt å få litt rettleiding. Men kvar skal dei få slik hjelp? Dette er eit viktig spørsmål, både av praktiske og taktiske grunnar.

Det som ikkje må henda, er at talemålsnormering vert ein del av norskuopplæringi i skulen, slik målstoda er i dag. For det eine finst det ikkje, trur eg, nok kompetanse i skuleverket til å taka seg av denne oppgåva. For det andre vilde innføring av talemålsnormering som skulefag sjølv sagt gjelda alle elevar, utan umsyn til opplæringsmål, og dimed vilde opplæring i bokmålstale koma inn i skulen i landsdelar der talemålet evlaust er eit tradisjonelt nynorskt målføre. Det kann ikkje målrørsla tala for eller gå god for. So dumme er me då ikkje!

Slik målstoda er i dag, bør motivering for, stimulering til og opplæring i nynorsk normaltalemål, til dømes etter det fleksible tridelte mynsteret eg hev vore inne på, vera ei oppgåva for målrørsla, og fyrst og fremst vera eit tilbod til medvitne målfolk som synest tanken hev noko fyre seg. Som ein sideverknad av opplæringi vilde deltakarane på kurs i nynorsk normaltalemål få auka innsikt i sitt eige talemål, for grunnlaget for ei skynsam rettleiding i normaltalemålet måtte vera eit innleidande studium av serdrag i målføret.

Tenk um berre ti prosent av den halve

millionen nynorskbrukarar slo inn på denne vegen! Tenk dykk: 50 000 nynorsktalande! For ei kraft!

Nynorsknormi

No hev eg greiddt det meisterstykket, um eg so må segja, å tala um nynorsk talemålsnormering utan å koma inn på det heilt grunnleggjande spørsmålet: Korleis skal nynorsknormi vera? Sidan dette spørsmålet skal dryftast serskiilt av sers kunnige folk på denne samlingi, skal eg trø varleg og berre koma med nokre få ymt.

Det fyrste eg vil segja, er at spørsmålet um korleis normi skal vera, hev lege som ei mara yver nynorsken frå fyrste stund. Etter mykje tenkjing og finfiling la Ivar Aasen fram si norm i grammatikk og ordbok. Kor mange kom til å bruka den normi? I tillegg til Aasen sjølv truleg berre ein einaste namgjeten person: Elias Blix. Originalversjonen av salmane hans er vel det næraste nokon hev kome det som med rette kann kallast «Aasen-mål» – for alle andre nynorsknormer som hev gjenge og framleis måtte gå under det nemnet, er resultat av normreformisme. Aasmund Olavsson Vinje gjekk snøgt sine eigne vegar. Arne Garborg likeins; han laga si eigi rettskriving i tevling med den Hægstad-normalen som vart knesett til skulebruk like etter fyrre hundradårsskiftet. So kom det mindre brigade i 1910, eit større i 1917 (med jamstelling av i-mål og a-mål som det viktigaste inngrepet). Vel tjuge år seinare kom 1938-umboti, utarbeidd av gjæve menn som diverre ikkje hadde den vitskaplege kompetansen i norsk som trongst til ei slik oppgåva, men som til vederlag hadde stor tru på samnorskprosjektet. Resultatet var skralt. So skralt at Norsk språknemnd i 1959 måtte koma med ein revisjon av 1938-umboti. Alle skyna at det måtte til, men samnorsk var framleis rådande ideologi, og resultatet vart deretter. So hev det kome ymse justeringar frå Norsk språkråd, og no ventar me på at rådet skal gjera framlegg um ei innstraming av nynorsknormi, ei innstraming som eg og mange med meg hev lengta etter i lange tider. For det er her det største problemet ligg: Nynorsknormi er so full av jamstelte former og skrivemåtar at det er all grunn til å karakterisera ho som eit nett av snubletradar. Resultatet av dette er stor forvirring og uvisse. Svært få skriv nynorsk på same måten, og mesta ingen skriv normrett.

Det beste hadde vore ei innstraming

på tradisjonsgrunn, med færre ortografiske dubletter og ein valfridom som galdt vesentlege ting, til dømes a-mål og i-mål. Med ei slik innstraming av formverket trur òg eg nynorsken lettare kunde bera leksikalske lån frå både den eine og den andre kanten. Men me må ikkje lata kritikken av dagsens nynorsknorm verta so kompromisslaus at han kann nyttast mot oss i striden for meir bruk av nynorsk i skule og styringsverk. «Den ideale fordring» um ei jomfrurein nynorsknorm bør me gløyma. Noko slikt hev nynorsken heller aldri havt – jamvel den store Aasen gjorde kompromiss med dansk.

Sluttord

Skal me hava von um ei nynorsk framtid, må sansen for heilskapen i målstrevet koma til heider og vyrdnad att. Dette er essensen i det eg hev sagt. Me må styrkja og odla nynorsken både som skriftmål og som talemål – ikkje minst det siste, sidan talemålet er den mest forsømde arbeidsteigen og dertil den teigen der det avgjerande slaget kjem til å stå i eit Noreg merkt av demografisk uro. Dei lokale mållagi må gjerne vera heimbygdslag. Men lagi og nynorskingane må sjå seg sjølve som aktørar i eit spel på ein større arena enn bygdi og grendi. Elles kann det

gå med oss som med den vossingen som den klårtenkte og djupt sakna Hans Skjervheim fortalde um ein gong. Vossingen var i Bergen og vilde kjøpa seg globus og gjekk frå butikk til butikk der dei selde slike artiklar. Men same kva butikkfolki synte han av globusar, var han ikkje nøgd. Til sist fekk ei ekspeditrissa lokka ut or han kva som var problemet:

Han vilde hava ein globus med berre Voss på.

«Det du oppfatter som korrekt språk»

Av Anders Moe

Eg gjorde som Lars Bjarne Marøy rådde til (Målmannen nr. 1/2004), og tok boki åt Helge Omdal, *Språknormering – med mål i sikte?* som tidtrøytehumor. Marøy hev rett i at boki er lettvekkjande, men eg kann tenkja meg å leggja til ein kommentar um metodikken.

Omdal skriv: «For å få noen holdepunkter om kjennskapen til språknormene («språknormsikkerheten») hos ei gruppe personer med utdanning utover obligatorisk skolegang, utarbeidde jeg en test som skulle benyttes i en liten undersøkelse av kunnskapene om enkelte rettskrivingsspørsmål i nynorsk og bokmål. [...] Testen blei gjennomført ved hjelp av en konstruert tekst med en del bøyningsformer og skrivemåter som representerte både vanlige og uvanlige former, og til dels former som det kunne tenkes at enkelte ville være i tvil om var utafor eller innafor gjeldende rettskriving. Studentene fikk utlevert et ark med to korte tekster – en på bokmål og en på nynorsk – med denne beskjeden: ‘Se om du finner feil her, og rett eventuelle feil slik at språket blir i samsvar med det du oppfatter som korrekt språk’» (s. 49).

Her er det ein motsetnad millom det Omdal ynskjer å røkja etter og det han spyrr etter; spyrrjeskemaet hev «det du oppfatter som korrekt språk». Men Omdal gjer undersøkjingi «for å få noen holdepunkter om kjennskapen til språknormene», og tolkar alle resultat som at studentane ikkje kjenner den offisielle normi. Noko over 50% rettar a-ending i inkjekyn fleirtal av substantiv i bokmål, og Omdal segjer: «Hva grunnen til denne mangelen på det vi kan kalle elementær grammatisk kunnskap kan være, er det



Helge Omdal hev skrive tidtrøytehumor for høgnorsklyndte lesarar.

ikke lett å gi et klart svar på.» (s. 53–54). På nynorsk set studentane raud strik under *begynne*, og Omdal meiner det kjem av at «[n]år elevene er kjent med den generelle nynorskskepsisen mot bl.a. kategorien anbehetelse-ord, blir det ventelig problematisk for elever (og kanskje også for lærere) å lære seg ord som bryter med hovedprinsippet, dvs. ord av typen *begynne*» (s. 63).

Men studentane vart jo bedne um å retta i samsvar med «det du oppfatter som korrekt språk», og kvifor skulde dei oppfata *brilleglassa* i bokmål og *begynne* i nynorsk som korrekt språk? Det gjeng jo på tvers av normal skrivepraksis. Soleis meiner eg at Omdal hev feiltolka si eigi undersøkjing; han meiner ho syner at Norsk språkråd treng å setja i verk eit stort arbeid for å betra kjennskapen til den offisielle normi i folket, men dersom folk er medvite usamde med eller likesæle til Språkrådet, vil ein slik informasjonskampanje berre verta møtt med motstand og

lått, reaksjonar rådet med kvart byrjar å verta vane med. Tenk på når rådet hev figurert i media dei seinaste ti åri: *pøbb*, *beiken*, *Aten*, *darma* ... Det er vel mogeleg at elevane ikkje utan vidare oppfatar alle språkrådsvedtak som «korrekt språk», når motstandet mot Språkrådet som normgjevar er so massivt.

Det er i grunnen imponerende at Omdal hev utført ei stor undersøkjing og skrive bok um henne utan nokon gong å ha sèt fyre seg at testpersonane hans kann ha tolka oppgåveteksti onnorleis enn han sjølv. Ja, dette er tidtrøytehumor for alle som vil sjå kor langt inne i si eigi verd sume norskfilologar liver. Og undersøkjingi av kva studentane ser på som korrekt språk, den er forvitneleg, jamvel um ein kann tolka resultat på ein annan måte enn Omdal.

Med huva i handi

Etter å ha lese replikken «Språk, hat og identitet» av Rolv Mikkil Blakar (Dagbladet 1.12.), der han skriv at han «som brukar av minoritetsspråket nynorsk føler [seg] grovt krenka og trakka på» med grunn i ei sers karikert skildring av nynorskfolk som Hans Fredrik Dahl gav i Dagbladet nokre dagar tidlegare, og fortel at han «stadig tydelegare [har] innsett det omsorgsskapande aspektet ved språk og kommunikasjon», fell ein i undring yver at Blakar ikkje hev kalla hovudverket sitt, *Språk er makt* (6. rev. utg. 1996), for *Språk er avmakt*.

Klaus Johan Myrvoll

Samtidsforfattar med interessa for unge menneske

Av Lars Bjarne Marøy

Hanne Ørstavik er ein skjønnlitterær forfattar som hev vorte sers godt motteken av kritikarane dei seinaste åri. Ørstavik hev definitivt vunne seg eit namn i litteraturhistoria, og Per Thomas Andersen reknar henne for ein leidande representant for 1990-talslitteraturen. Ørstavik er fødd i 1969, og slo igjenom med bøkene *Hakk* (1994) og *Entropi* (1995). Dei fyrste bøkene til Ørstavik vert umtala som fragmenterte, stiliserte, og handlingi vert umtala som slørut, men kritikarane slo fast at forfattaren hadde eit upplagt talent. Seinare hev Ørstavik skrive tri bøker som hev vorte serleg åtgådde og som hev dana eit grunnlag for å verta kjend med forfattaren. Dei tri bøkene er *Kjærlighet* (1997), *Like sant som jeg er virkelig* (1999) og *Tiden det tar* (2000). Kritikarar og andre lesarar er samde um at desse bøkene stend i ei serklassa, men kva er det som gjer dei so sermerkte? Kvifor vert dei ein innfallsvinkel til forfatterskapen?

Motivvali til Ørstavik er ofte knytte til familielivet. Per Thomas Andersen hev tala um fenomenet «uro i redet» for å få fram korleis ulike familierelasjonar hev merkt ein ny generasjon forfattarar. I ljøs av dette uttrykket tykkjer eg det er verdt å peika på at 1970- og 1980-talet snudde um på kynsrelasjonar, langt på veg tappa familien for praktiske funksjonar, skapa grorbotn for nye familie- og samlivsformer, samstundes som skilsmålstali auka og dei personlege konfliktane i tilknytning til familien vart sterkare tematiserte enn tidlegare. Dessutan er det naturleg å peika på at den materielle levestandarden betra seg sterkt og vedvarande, og at kravi til å realisera seg sjølv stødt vert reiste i vår tid. I tillegg kjem det at mange unge menneske vel å verta buande heime under utdanning si.

Ørstavik grip beinveges og umveges fat i alle desse ovringane i bøkene sine. I *Kjærlighet* fortel ho um ei åleinemor som er kulturarbeidar. Son hennar ventar seg oppfylgjing og tid frå mori, men mori og han lever i praksis i tvo ulike verder, og sonen fær sviktande omsorg. Umsorgssvikt og sjølvrealisering kann vera stikkord som kann knytast til denne boki, jamvel um det fyrste umgrepet kanskje er i sterkaste laget boki set under eitt.

I *Like sant som jeg er virkelig* møter me ein kristen psykologistudent som bur

saman med mor si. Her er tilhøvet millom mor og barn langt tettare, sume vil segja for tett. Gjenta bur heime av di ho vil spara pengar og vil satsa på å etablara seg fyrst når ho er ferdig med studeringane. Ho vert likevel sterkt utfordra til å endra planar når ho forelskar seg. Lysti til å reisa til USA med den nyvunne kjærasten tek yverhand, men når ho skal stikka av frå mori, er døri læst. Gjenta er på ein måte fysisk og mentalt vaksi og kunde greidt seg godt på eigi hand, men økonomien og framtidsplanane bind henne like fullt til å underordna seg mori. Underordning eller morsbinding kann vera aktuelle motiv her.

I *Tiden det tar* hev ein kome vidare i mor-barn-relasjonen. Denne gongen hev barnet brote ut av familien og dana sin eigen familie, men faren, mori og broren kjem uventa på vitjing, og gamle minne vaknar til liv att. Boki er oppbygd med ei råmeforteljing: I byrjingi møter me den tretti år gamle kvinna, so fær me høyra um korleis familien fungerte då ho var trettan år gamal, og so vender me attende til notidi att. Det er framtidi for kvinna og hennar eigen familie som burde interessera, men slutten vert uklår i so måte. Romanen fær eit sterkt fokus i fortidi, og det er her lesaren fester merksemd. Dei tvo fyrre romanane til Ørstavik fær ei meir skikkeleg avslutning enn denne boki. Men boki er likevel motivrik: Ein valdeleg far, ei dominerande og krevjande mor, ei inneslutta gjenta, og det er berre nokre prøveboringar.

Det er òg råd å lesa ut mange ulike bodskapar i bøkene til Ørstavik. Ho viser korleis store ord millom fagfolk vert innhaldstome. Mori og faren i *Tiden det tar* arbeider båe med menneskelege problem, men i familiesituasjonen maktar dei ikkje å skapa gode relasjonar. Dei arbeider med problem i til andre menneske, men greider ikkje å løysa eigne. Mori i *Kjærlighet* er kulturkonsulent og uppteki av at folk skal trivast, men maktar ikkje å taka hand um guten sin. Gjenta i *Like sant som jeg er virkelig* slit med å nå fram til eit sjølvstendigt liv og kjem til kort. – Ein hev inntrykk av at Ørstavik vil segja noko um at ein må søkja etter styrke og finna fram til det som er ekte, og skjera gjennom flosklar og andre folks freistnader på å taka kontroll yver livet vårt. I ljøs av språkbruken og kompo-

sisjonen til Ørstavik vert det naturleg å draga fram tema som er knytte til det å finna plassen sin i eit kringvære der ein stødt må halda seg til diffuse og uklære meldingar frå eit samfund som vert meir og meir merkt av vitskapleggjering og byråkratisering.

Synsvinkelbruken er serleg interessant i *Tiden det tar*. Her er råmeforteljingi i 1. person, men hovudforteljingi er i 3. person. Det lèt til at forfattaren ynskjer fråstand til barndomsskildringane. Miljøskildringane er knytte til Finnmark der forfattaren voks upp. Dessutan møter me Oslo og det sentrale austlandsumrådet. Det er serleg Oslo og Finnmark som er sentrale stader i desse tri bøkene.

Personskildringane er nok tydelegast i *Kjærlighet*. Det er vanskeleg å få samhug med mori i den boki. Når boki sluttar med at sonen sit utanfor huset og truleg er i ferd med å frjosa i hel, gjeng det heile yver styr. Mori ser korkje ut til å ha sympatiske eller dynamiske drag. *Tiden det tar* hev for so vidt klårt usympatiske drag både ved mori og faren til den tretti år gamle kvinna, men det er serleg mori som til slutt vert framstelt som den statiske og usympatiske. Faren vert framtona i barndomsskildringane, men tona ned seinare. I *Like sant som jeg er virkelig* kann ein ha inntrykk av at mori kann lesast på ulike måtar. Me fær vel eigenleg ikkje noko klårt svar på um mori hev læst dotteri inn på romet hennar, men mori er iallfall ikkje so klårt usympatisk som mori i *Tiden det tar*. Her verkar det meir naturleg å leggja vekt på gjenta og hennar refleksjonar, som kritikaren Mari Lending hev gjort.

Stiltonen i bøkene er serleg markert i *Kjærlighet*. Her er det myrkt og traurigt og lite framdrift. Ein kjenner seg fanga i den kalde vetteren nordpå. Noko av det same opplever me i *Tiden det tar*. Både råmeforteljingi og hovudforteljingi gjeng fyre seg um vetteren. Ein kjenner seg fanga i avmakt og apati. Serleg i samband med at både mori og kvinna ser ut gjennom vindauga etter at det hev vorte myrkt. *Like sant som jeg er virkelig* er ei meir ljøs bok med framtidsutsikter og gryande sjølvinnsikt.

Lat oss taka det fyrste spursmålet eg reiste innleidingsvis fyrst. Kva er det som gjer desse bøkene sermerkte? Det er ikkje tvil um at Ørstavik råkar noko ved sam-

tid. Ho tek utgangspunkt i korleis unge menneske utviklar identitet og serpreg med utgangspunkt i dei siste 20–30 åri. Dette handlar um sjølvforståingi til svært mange unge menneske i dag. Til liks med Jon Fosse skyr Ørstavik kompliserte forteljingar, men di einfeldare og meir privat ein vert, di meir opnar ein upp for lesarane. Lesarane kjem utan tvil nære inn på personane, mesta skræmmande nære. Personane gjer seg mange av våre eigne tankar; tankar som gjeld familieliv, studium, skulegang, fagekspertise osv., men me møter dei likevel på klår avstand. Nokre kritikarar strikar under at Ørstavik hev ein kald eller beint fram frosen måte

å framstella seg på. Eg vert meir fascinert av kor presis Ørstavik er. Det er ikkje noko som vert klisjéfyllt, irriterande eller unaturleg. Det vert rett og slett godt å lesa og ein slappar av.

Det er fleire moment som gjer at dei tri umtala bøkene til Ørstavik stend fram som ein innfallsvinkel til forfattarskapen. Personskildringane er alle knytte til kjernefamilien. Miljøskildringane med hovudvekt på Finnmark og Oslo er gode og truverdige. At akademikarar flytter til Finnmark for ei tid, er vanleg, og mange vil kunna kjenna seg att her. Det er nok serleg i *Like sant som jeg er virkelig* at forfattaren reiser refleksjonar kring vik-

tige spørsmål, jf. ovanfor. Men denne boki er likevel ikkje den klåraste eller den greidaste å få yversyn yver.

Hanne Ørstavik er ein forfattar som kanskje framfor alt er ein språkmeister. Ho nyttar aldri eit yverlest språk. Ho er presis og rett på sak. Likevel opnar denne presisjonen bøkene hennar, på same tid som dei ikkje er opplagde eller eintydige. Det stend enno mykje att når det gjeld å studera språkbruken og oppbyggjingi til Ørstavik. Bøkene hennar kann lesast og arbeidast med av mange i åri som kjem. Det toler dei godt.

Ikkje berre smular

Av Tore Lund

Søren Kierkegaard:

Filosofiske smuler

Umsett av Knut Johansen

Damm 2004. 224 sidor

I dei vanlege lærebøkene i saga åt filosofien er dei nordiske landi so godt som fråverande. Med eitt viktugt undantak: Dansken Søren Aabye Kierkegaard. Han hev fenge jamt meir å segja etter at han døydd i 1855, berre 42 år gamal, og han vert i dag rekna som fyregangsmann for eksistensialismen, som i sin tur hev påverka ei rad teologar, millom andre tvo so ulike som Karl Barth og Rudolf Bultmann.

Originaltittelen lyder: *Philosophiske Smuler eller en Smule Philosophie*. Boki kom ut fyrste gongen i 1844. Til liks med fleire andre av bøkene åt Kierkegaard vart denne boki òg utgjevi under fingert namn. Denne gongen var løyndenamnet Johannes Climacus.

Men ærleg tala: Eg skynar ikkje kvifor ein skal bruka tid og ressursar på å gjeva ut Kierkegaard på norsk. Fåe nordmenner hev vanskar med å lesa dansk, og kvifor skal me då gjeva avkall på det privilegiet me hev framfor fleirtalet av folket i verdi, nemleg å kunna lesa Kierkegaard i originalutgåva? Dessutan gjeng «umsetjingi» åt Knut Johansen stort sèt ut på å skriva um teksti nærast ordrett til moderne norsk rettskriving.

Dersom ein verkeleg skulde setja um den sereigne stilen åt Kierkegaard til moderne norsk, so måtte her ei fullstendig umskriving til, noko som vilde øydeleggja den sereigne stilen åt Kierkegaard. Og det hev då heller ikkje



Søren Aabye Kierkegaard

umsetjaren gjort. Som vel er. Tak berre dette utsnittet, som er tilfelleleg valt:

«Kunne han ha tapt betingelsen slik at det ikke var skjedd ved ham, og være i tapets tilstand uten at det skjer ved ham selv, da har han bare tilfeldig vært i besittelse av betingelsen, hvilket er en motsigelse, da betingelsen for sannheten er en vesentlig betingelse.»

Set berre inn store fyrebokstavar på alle substantivi og byt ut dei harde konsonantane med mjuke, so hev du Kierkegaard i originaltapping. Men slikt kallar ein vel ikkje umsetjing!

Som det gjeng fram av hermet ovanfor, er ikkje den snirkolute stilen åt Kierkegaard, med dei mange assosiasjonane og sidesprangi, den lettaste ein kann gjeva seg i kast med. Det er ikkje dansk rettskriving som er problemet her. I tillegg kjem at Kierkegaard stødt sper på med latinske og græske sitat (skrivne med græske bokstavar!) attåt stendige

allusjonar til græsk mytologi og filosofi. Det var jo velkjende ting for den dana ålmenta då Kierkegaard levde, men for dagsens norske lesarar utgjer det eit ålvorlegt hinder på vegen inn i den kierkegaard'ske tankeverdi.

Difor er det råkande at nett helvti av dei 224 sidone i denne boki er ei orienterende innleiing som Arild Waaler og Christian Tolstrup hev skrive, attåt eit umfemnande noteapparat bak i boki. Sjøelve teksti åt Kierkegaard utgjer alto berre eit etter måten lite skrift på um lag hundrad sidor, men ikkje éi av desse sidone er utan eit drøss med tilvisingar – eg hev talt upptil femtan tilvisingar berre på ei einaste sida! Det er sjølv sagt ei god hjelp for forståingi, men det fører i alle fall til at ein ikkje kann gjera nokor snøg-glesing av Kierkegaards *Smuler*.

Kva handlar so smulane um? Hovudemnet er tilhøvet millom filosofisk idealisme og kristendom. Her dryfter Kierkegaard ålmenmenneskelege og religions-filosofiske spørsmål som, kva er den høgste sanningi, og korleis kann ho gripast av einskildmennen? Ut frå si kristne yvertyding hevdar Kierkegaard at trui og filosofien er storleikar som ikkje kann jamførast. Å tru ber i seg eit sprang ut på «de 70 000 Favners Dyb». At Gud vart menneske i Jesus Kristus, er eit paradoks for tanken. Mennesket må her ganga utanum fornufti og gjera eit trussprang, segjer han.

Det krevst arbeid og innsats av den som vil gjeva seg inn i tankeverdi åt Kierkegaard. Men den som held ut, kann verta rikeleg lønt for strevet!

Viktige og framleis fascinerande åndsyringar

Av K. E. Steffens

Britt-Mari Näsström:
Forntida religioner
Studentlitteratur, Lund 2003
298 sidor



K. E. Steffens

Vitskapleg gransking av religion var ukjend i antikken og millomalderen, og det same gjeld stort sett for soge og andre humanistiske disiplinar, endå om der nok var tilnærmingar til vitskap i moderne tyding på ymse språklege og litterære omkverve. Sjølv sagt skreiv ein historie, men noko klårt og medvite skilje millom soge og annan litteratur fekk ein fyrst i opplysningstida med full og ofte storfelt bløming i den tidbolken som det hev vore so vanskeleg å definera og karakterisera, nemleg romantikken.

Det problematiske ved mykje av denne historieskrivinga var at ho altfor ofte vart eit «organ» for meir eller mindre fabrikkerte «folkesjeler», noko ein enno opererer med under det meir moderne og nykterne nemnet *identitet*. Naturleg nok gjorde ikkje det seg serleg sterkt gjeldande då religionshistoria voks fram som eige fag; her vart det ofte ei uheldig samankopling med rase, der ein òg altfor lett konstruerte identitetar, t.d. slik at ariske eller indoeuropeiske folk skulle ha varige sermerke som ytra seg i truer, mytar og kultisk praksis.

So kom det til at omgrepet rase seinare vart knytt til den biologiske utviklingstanken. Ein meinte at rasar var graderte, slik at sume var tilbakestående eller degenererte og stod på eit lågare utviklingssteg jamført med dei som hadde nått fram til eit høgare nivå av vit og kultur. Religionar vart tilsvarande graderte frå primitiv og «prelogisk» tru på andar og magisk praksis via polyteisme fram til den jødisk-kristne monoteismen, som so eventuelt kunne «opphevast» med ateisme eller agnostisisme som det siste og definitivt vituge stadiet.

Slike synsmåtar er nok i dag stort sett sedde på som fordomar bygde på range fyresetnader. Vel å merkja millom fagfolk og andre med ei viss akademisk tilnærming til slike spursmål. Men utanfor slike krinsar er fordomar om religion, nasjonale sermerke og rasar langt ifrå utdøydd, for stereotypisk tenkjing er nok ein ålment utbreidd «vane», eller kanskje ein kunne segja det er ei form for «intellektuell arvesynd».

Av dei førkristne religionane var det naturleg nok den greske som i lang tid fekk mest merksemd i vår vestlege kultur. Gresk åndsliv hadde ein sers høg prestisje som det grunnlaget som den moderne sivilisasjonen var bygd på, og dei homeriske gudane og det rike tilfanget av forteljingar om dei vart ei viktig inspirasjonskjelde for målarkunst og diktning.

Det er då naturleg at framstillinga av gresk religion fær ein breid plass i denne boka av Britt-Mari Näsström, som er professor i religionshistorie ved universitetet i Göteborg.

Dei sentrale gudane og mytane om dei vert greidt karakteriserte og fortalde, og forfattarinna held seg undan og nemner ikkje kontroversielle og stundom beint fram fantastiske teoriar av det slaget som Martin Bernal's *Black Athena* er eit godt døme på. (Men på s. 152 skriv ho stutt og greidt at «i vissa feministiska kretsar» hev pseudohistoriske fantasiar om eit gudinnedyrkande matriarkat vorte opphøgde til «historisk sanning».)

Kanskje ikkje fullt so fagleg nykter er ho når ho skriv om romersk religion, som lenge vart sedd på som turr og uspanande og eit mytologisk underbruk under den greske. Her byggjer ho i stor mun på teoriane åt den namnfråge Georges Dumézil, som identifiserte og karakteriserte med enorm lærdom ein opphavleg indoeuropeisk ideologi der tri «funksjonar» (suverenitet, makt og frævleik) vart spegla av i «inventaret» av oversanselege makter og mytane om dei. Dumézil vurderte det slik at mytane i romersk religion vart omdana og attgjevne som *soge*, og det er denne tolkinga Näsström sluttar seg til. Rett nok vert det peika på omstridde drag ved denne teorien når han vert presentert i kapitlet om persisk religion, men ho burde

kanskje nemnt at han ikkje ser ut til å vera ein opnande «lykel» til gresk religion, og at der er kunnige ekspertar på romersk religion og soge som avviser Dumézils synsmåtar. Meir problematisk er det at ho ikkje hev fenge med seg at Dumézil kom til at det trifunksjonelle systemet må ha vore ein «ideologi» som ikkje stod i noko klårt avspeglende tilhøve til ei røyndleg sosial inndeling i presteskap, krigarar og det nærande standet.

Ein kann nok peika på andre veiler og mistak, som millom anna syner at målsoge og etymologi ikkje er hennar sterkaste side. Til dømes er ikkje ordet *dag* av same opphav som det latinske *dies* (s. 103), og ordet *pan* på gresk som tyder 'all' hev ikkje noko med gudenamnet *Pan* å gjera (s. 145). Meir forunderleg er det at ho lèt Konstantin den store koma til makta i 323 (han hadde keisarleg status alt frå 306), skriv at nemninga «gnostisisme» vart laga av kyrkjefedrane og plasserer den gnostiske biskopen Valentinus i Aleksandria i staden for i Rom. Det kan òg nemnast at det kunne ha kome klårare fram kva for utgåver dei attgjevne religiøse tekstane og parafrasane byggjer på og om det Näsström hev omsett er gjort via engelsk og andre språk. Litteraturlista er uinteressant for fagfolk og til lita hjelp for studentar og andre interesserte. Ho burde sjølv sagt ha vore ordna og oppstelt etter emne og ikkje som her alfabetisk.

Men trass i sume veiler, som ein nok må rekna med i ei bok som på 298 sider skal skildra dei gamle skriftreligionane frå og med den sumeriske og fram til kristendomen monopoliserte marknaden, vil eg segja at boka gjev ei greid og nyttig framstilling utan tyngjande teori av viktige og framleis fascinerande åndsyringar fram til kristendomen vart obligatorisk statsreligion i 395. At gresk religion fær størst plass, tykkjer eg er heilt forsvarleg; eg høyrer til dei mange som tidleg vart fanga og trylt av emnet, og eg hugsar vel at eg alt i 17-årsalderen millom anna las verk som Otto Kerns *Die Religion der Griechen* og *Prolegomena to the Study of Greek Religion* av Jane Harrison.

Ei bok um folk og landskap på det nordlegaste Grønland

Av Johannes Gjerdåker

Eivind Astrup:

Blant Nordpolens naboer.

3. utgåva. Kage forlag 2004. 224 sidor

Boki *Blant Nordpolens naboer* skreiv Eivind Astrup i 1895, og ho kom ut i Oslo det året. Hundrad år etter vart boki utgjevi på ny, med eit fyreord av Helge Ingstad. I haust er *Blant Nordpolens naboer* utgjevi for tredje gong. Fyreordet av Helge Ingstad er med no òg.

Eivind Astrup, fødd 17. september 1871 i Oslo, fortel her um dei tvo ekspedisjonane saman med Robert Peary, han var med på til det nordlege Grønland, – 19 år gamal hadde Astrup reist til Philadelphia i Amerika, der han hadde ein eldre bror. Eivind visste ikkje heilt kva han skulle gå i gang med. På den eine sida vilde han læra meir for å meistra forretningslivet, men på den andre sida var han uppteken av friluftslivet i skog og fjell; han var ein god skilauvar, og, som mange av sin generasjon såg han upp til Fridtjof Nansen. Grønlandsferdi som Nansen og hans menn nyst hadde avslutta, gjorde yverlag stort inntrykk. Ein vårmorgon i 1891 sat Eivind Astrup i ein hotellvestibyle i Philadelphia og las avisor. Han kom då yver ein liten notis um Robert Peary, der det stod at Peary var i gang med å planleggja ein ny ekspedisjon til Nord-Grønland, og at han enno ikkje hadde fått fylgjesmenn. Astrup byrja å tenkja, og ikkje lenge bida, tok han kontakt med Peary. Etter samtalen gjorde dei avtale um at Astrup skulde gjera seg reidug som ekspedisjonsdeltakar.

Dei kom til vetterkvarteret 24. juli 1891 ved McCormick-bukti i Smith-sundet på 78 grader nord. Inuitane der er den nordlegaste folkesetnaden på jordi. På Astrup si tid livde det noko nær 250 menneske i dette samfunnet so langt nord. Denne stamma vart kalla etah-inuitane, og Eivind Astrup kom til å halda av deim frå fyrste stund.

Det fyrste dei laut gjera, var å byggja hus for vetteren av trevyrke dei hadde ført med på skipet. Seinare vart det fyrebuingar av alle slag til sledeferdi nordaust yver. Eivind Astrup var nevenyttig, han laga fleire ski-par både av ask og fura. Lenger ute i boki skriv han at ask absolutt var det beste emnet. Han laga òg mange sledar. Dei hadde 20 hundar då dei starta i mai 1892, og so hard handsaming som sledane fekk, var det nausynt med reservesledar.



Polarhelten Eivind Astrup

Då dei byrja ferdi, var dei fem mann med, men etter få dagar avgjorde Peary å senda tri attende til vetterkvarteret. Berre han sjølv og Eivind Astrup skulde halda fram. Fyremålet var å nå fram til kysten på austsida og å granska ut nordsida. Dette var nytt land, der ingen mann hadde vore fyrr. No slo Peary og Astrup fast at Grønland var ei øy. Dei gjorde òg grunnleggjande kartleggjing, då dei heile tidi mælte fråstand og slo fast høgder yver havet.

Etter halvannen månad kom dei fram til den nordaustlege kysten av Grønland. Då hadde dei gjenge i berre snjo heile tidi, utan onnor drikka enn smelta snjo. No kom dei til berg og grus og rennande vatn. Matprovianten var hovudsakleg pemmikan, både for mennene og hundane, men her ved Independence Fjord fekk dei auga på ein flokk moskusfe. Dei skaut two vaksne dyr og tri kalvar, og dette vart eit viktugt tilskot til kosthaldet, for provianten hadde minka mykje. No åt dei ferskt kjøt som var styrkjande for både menn og hundar. Ferdi attende gjekk lenger inne på innlandet, dei var uppe i høgder på yver 2000 meter. Etter 97 døger ferd fram og attende kom dei til Smith-sundet på ettersumaren 1892. Dei hadde då på 97 døger gjenge vel 200 norske mil. Storm, då dei laut grava seg ned, hadde dei vore ute i fleire gonger; tjukk skodda hadde dei òg havt, og like eins sol døgeret rundt, både i mai og i august. Solbrillone hadde vore i bruk på heile ferdi. Dagsmarsane var på mange timar; dei gjekk òg ofte um natti, når det kunde vera betre. Peary gjekk med trugar på heile turen, Astrup nytta askeski.

Men ekspedisjonen kystane imillom er ikkje det einaste Astrup fortel um. Like stor grunn til å takka han hev lesaren for det han fortel um samværet med inuitane og deira liv, skikkar, tru og verdsuppfatning, men òg um kor snøgt dei lærde, kor

stor humoristisk sans dei hadde og kor hjelpsame dei var i dagleglivet og i alt.

Eivind Astrup gjer nøgje greida for korleis ein inuitjeger gjeng fram når han veider isbjørn, men òg når det er sel og kvalross han er ute etter. Arbeidsdeling millom kvinnor og menn gjev han lesaren klårt innsyn i; kva dei nytta til materiale for våpen og reidskapar, korleis dei laga klæde, vidare um hundane og ferdene deira, um matlaging og måltidskikkar. Han gjev òg opplysning um barneoppseding og um åtmenndaning. Det er nok semja millom etnografar um at Astrup hev gjeve verdfulle tilskot til vitenskapen um menneskja. Når Astrup kunde gjera so mykje på dette umkvervet òg, kom det av at det var tillit millom inuitane og honom frå fyrste til siste stund. Han var nyfiken og vilde vita so mykje som råd um kulturen deira, og dei var like nyfikne og vilde vita like mykje um hans. Slik hadde bae partar gagn og gleda av alt samvær. Han lærde òg målet deira og samtala med alle. Det er vanskeleg å forklåra det på onnor vis enn at han lærde dette fjerne målet slik som born lærer framande språk.

1893–94 tok Robert Peary ut på ein ny grønlandsekspedisjon. Eivind Astrup var med no òg, men innlandsferdi laut gjevast upp etter stutt tid, då deltakarane vart sjuke av skjemd pemmikan. Det einaste verdfulle forskingsresultatet av denne ekspedisjonen var at Astrup saman med inuiten Kolotvenga gjorde ei 700 km lang sledeferd og kartlagde kysten av Melvillebukta.

Då han kom attende til Noreg hausten 1894, vart Eivind Astrup heidra av den norske nasjonen. Han vart den yngste ridaren av St. Olavs-ordenen nokosinne. Utmerkjingar og medaljor kom til han frå norske og utanlandske vitskapsselskap. Hausten 1895 skreiv han boki *Blant Nordpolens naboer* til opplysning um natur og folkeliv på det nordlege Grønland. Utan at han hev visst det, hev han her òg gjeve bilætet av seg sjølv: open, smålåten og sjølvgløymande.

I jolehelgi 1895 drog Eivind Astrup til Rondane, der han umkom. Då melding kom, vart det landesorg. Ein stor bautastein vart reist til minne. Den steinen stend no nedanfor Frognersætri i Oslo. Ei minnetavla vart i 1909 sett upp ved Thule på Vest-Grønland.

B



ISSN-1503-2469



TIL MINNE

Nynorsk (1929–2004)

Skal eg tala frå hjarta, og det vil eg, var det ikkje nett med sut og sjokk eg tok imot bodet um at nynorsken var avliden. Rett nok hev eg lenge vore tvisynt når det gjeld nynorsken, men i det minste ikkje tvitunga, som sume.

Ein av grunnane til at daudebodet ikkje kom som eit sjokk – eller med sut – yver meg, var sjølv sagt det at nynorsken alt longo hev lege i uvit.

I røyndi var det berre namnet som hadde vorte halde kunstigt i live, med pustemaskin og andre mekaniske apparat. Alt longo hev norsk ungdom måtta liva med forbod mot å skriva nynorsk i skulen. I vår tid er det jamvel slik at norsk ungdom vert indoktrinert til å skriva bokmål to gonger. Den eine gongen med ordtilfang på bokmål, den andre med ordtilfang frå nynorsk.

Med beste vilje kann ikkje dette kallast anna enn *knoting*. Det er jo dét det vert kalla når ein blandar two språk. Hovudvekti av skuldi for det som hev hendt, lyt leggjast på statsinstitusjonane NRK og Norsk språkråd, med den vanskapte språkfilosofien deira, meir eller mindre styrd av vinstresida i norsk politikk, med politisk korrekt tenkjing og full pakke av intoleranse for folk som tenkjer onnorleis på kaupet.

Samstundes med at me høyrde at nynorsken var avliden, nådde òg eit anna syrgjebod øyro våre: Høgnorsken sit gisl hjå valdsmenner. Terroristar som ikkje kvider seg for å ganga til fysisk åtak på andre som tenkjer onnorleis, når dei

sjølve ikkje eig haldande argument. I beste Kain-filosofi hev dei sett ut på å verta brodermordarar. Som prov på at det er sant, kann me til dømes visa til korleis det hev vorte teke stryptetak på norske målmenner, medan det ved eit anna høve enda med at vaktmenner som skulde verja desse jamvel vart bitne til blods.

Med dålege røynslor frå gislaksjonar både i Moskva og Beslan – og med ei livskraftig haldning til terroristar, inspirert av staten Israel, forhandlar me ikkje med terroristar. Å gjera det vilde vera fåmeint.

Då fær helder høgnorsken verta hals-hoggen, og so fær me andre som stend att med kjærleiken til morsmålet bankande i hjarto, helder finna oss i det tapet, og so fær me venda attende til roti. Me fær regelrett snu på konservatismen og verta meir radikale (av lat. *radix* 'rot', eig. 'som når til røtene').

Kva tyder so det for oss? Jau, at me må venda attende til landsmålet – og byrja arbeidet på nytt. Taka upp sverdet på nytt – og venda oss til FN – og få landsmålet godskrive som minoritets-språk – som lyt verjast som den nasjonal-skatten det er. Gjer me ikkje det, kjem òg landsmålet for æva til å vera som latin – eit daudt og statisk språk.

Kva fylgjor fær dette på den språklege sida? Jau, at ein ikkje lenger skal driva statleg yverstyring av språket – men lata språket få liva fritt.

Med andre ord: Me lyt vekkja purismen upp att. Med hard hand lyt me skjera

pulsåri av norvagiseringi, og skapa nye norske ord i staden for å innlema utanlandske ord i målet vårt – med berre minimal umskriving.

For sume vert ein slik tanke fatalistisk og pessimistisk. Men sanningi er tvert det motsette. Det finst nemleg two ulike lagnadsfilosofiar, ein falsk og ein ekte. Den falske skal eg ikkje ganga inn på her, men den ekte lagnadsfilosofien handlar um å gjera visse val, og veksa med deim, i staden for å skulda på ein eingong-for-alle avgjord lagnad, som menneski ikkje kann gjera noko med.

Det handlar um å få nye perspektiv. Som Prøysen skriv um vesle Jens i jolesongen sin, lyt me skyna at det ikkje nyttar å skapa ei kista av eit trestykkje som var meint å verta skjerefjøl. Me lyt vera ærlege, elles endar me i same uføret som Per og Pål. Segjer me at det er trøg me skal skapa, so vert det trøg, og ingen ting anna.

Men me skal ikkje skapa trøg. Me skal skapa eit skip som kann ganga like godt på vatn som til lands – og i lufti med. Me skal skapa eit livande landsmål.

Nynorsken er daud.
Høgnorsken sit gisl.
Lenge live landsmålet!

Lars-Toralf Storstrand

Målmannen er avhengig av folk som skriv høgnorsk. Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!

Attende til: Målmannen, Postboks 49 Blindern, 0313 Oslo

Sluttordet:

Han kjenner Bikkja, som biten er.

Etter Ivar Aasen